



DØDEN - EIN STAD DER GUD ER?!

Forkynning i gravferd etter vond og brå død

Tor Egil Eriksen

VID vitenskapelige høgskole

Stavanger

Masteroppgave

Erfaringsbasert Master i Praktisk Teologi

Antall ord: [23542]

[Dato 03-11-2022]

FORORD

Å skrive ei masteroppgåve som 60-åring har bydd på utfordringar. Særleg når eg ikkje skreiv ei tilsvarande oppgåve i studietida, med teori og metode og måtte vera nøye med henvisningar og liknande. Dette hadde eg ikkje klart utan hjelp. Stor takk til vegleiar Hans Austnaberg som med tålmod hjalp meg i gang og underveis.

Seinare fekk eg òg god hjelp av kona, Kristin Ådnøy Eriksen, til å sjå korleis teoridelen kunne bli til nytte i oppgåva, og med oppmuntringar då eg opplevde at eg stod på staden kvil.

Men først og fremst ein stor takk til mine seks kollegaer som let meg få nytte deira preiker i denne oppgåva. Som ville vera med og sa at dette kunne vera nyttig. Takk og til EVU i bispedømmet som ga meg permisjon og gjorde det mogleg for meg til å leggja ut på ei reis som vart lengre, meir lærerik og meir frustrerande enn eg hadde trudd.

Så er det mitt håp at oppgåva kan bli nytta i ulike fora og inspirere prestar til å arbeide vidare med deira forkynning når dei møter på det som dei vil definere som «vond og brå død»

Tysværåvåg Prestegard 3 november 2022

Tor Egil Eriksen

Samandrag

Som prest har eg forretta i fleire gravferder etter det eg kallar «vond og brå død».

Problemstillinga i denne oppgåva er innhaldet i gravferdspreikene i slike gravferder og korleis innhaldet vert brukt. Målet med oppgåva er at prestar ved refleksjon over eiga praksis kan verta tryggare på kva dei skal forkynne, og vere til støtte for dei pårørande med deira «phronesis», erfaringsbaserte visdom.

I denne oppgåva har eg tatt ei kvalitativ analyse av seks gravferdspreiker haldne etter det dei involverte prestane sa var «vonde og brå» dødsfall. Prestane var i alder 30+ til 55, fire menn og to kvinner. Eg har nytta «Interpretative Phenomenological Analysis» (IPA) som metode når eg analyserte preikene. Eg har diskutert innhaldet i ramma av Knut E Løgstrup sin filosofiske tanke om den etiske fordringa at som eit menneske får eg i møte med ein annan person gitt noko av personens liv i mine armar. Dette opplever eg er ein tanke eg kjenner igjen når eg har hatt slike gravferder.

Funna synte at sjølv om preikene var heilt ulike, var der ein stor likskap når det gjaldt tema. Alle prestane gjekk inn i situasjonen ved dødsfallet og preika ope om den smerten det kunne gje. Dei gjekk så inn og stadfesta at alle menneske har stor verdi i Gud sine auge, og at Gud var med dei gjennom lidning og død. Det var ei nær samanheng mellom det læremessige og det sjelesørgeriske innhaldet i preikene. Særleg vart Jesu død og oppstode viktig for ei sterk og mangslungen håpsforkynning i preikene. Håpet vart grunna i Guds kjærleik og/eller i Jesu død og oppstode. I fem av preikene er det ei klar forventning om ei oppstode. I fem av seks preiker kan det sjå ut som der er ei universell frelsforkynning. Samstundes opplever eg at preikene ikkje er like konkrete på korleis dei sørgande kan oppsøke eller oppleve Guds nærvær og trøst i tida etter gravferda.

Oppgåva syner at «Den etiske fordringa» er ei meningsfull ramme for å diskutere innhaldet og bruken av det ved slike dødsfall. Prestane ønsker å vere nær dei sørgande og bringe deira sorg fram for Gud og ein bodskap om håp i mørket frå Gud. Så er det mitt håp at andre vil forske vidare på tema som har med «vond og brå død» å gjera slik at vi som prestar kan forkynne med frimod at «døden er ein stad der Gud er!»

Emneord:

Preike, «Vond og brå død», Den norske kyrkja, gravferd, Løgstrup,

Abstract

As a pastor in The Church of Norway, I have presided in a number of funerals after what I term «sudden and painful death». It is one of the most demanding situations I find myself in as a pastor. In this thesis I study the content of six different sermons held at such funerals and how this content was used. The aim is to inspire pastors to reflect over their own practise in similar situations, so that they become better prepared for these demanding situations.

In this thesis, I have done a qualitative, hermeneutic analysis of six sermons held at funerals defined by the respective pastors as been in connection with “sudden and painful death”. I have used Interpretative Phenomenological Analysis (IPA) as described by Pietkiewicz & Smith in an article. I have discussed the content in the framework of the Danish philosopher and theologian Knut Løgstrup idea of “The ethical demand”; that as a human I will carry something, small or large, of my neighbour’s life in my arms. My experience is that this term is meaningful in these situations of great pain and sorrow for the bereaved.

Three of the sermons was at funerals after suicide, one an accident, and two where the pastors involved named them as fitting to my category. The pastors differed in age between 30 and 55 years, four males and two women.

I found that although the sermons was very different, there was coherence when it came to themes and content, and the theological content and comforting aspects was closely connected. They went all directly into the death and the pain it had caused. They confirmed the value every person has in the eyes of God. Then they said something about how God was in the suffering, before they all tried to convey a hope about salvation and that God was near them in their sorrow. The hope was founded in the love of God and/or in the suffering, death and resurrection of Jesus. The message about how God would be with the bereaved in the time after the funeral was not specific about how this could be experienced.

It became clear that “the ethical demand” was a meaningful frame in which to discuss the content and its use, and it became clear that the pastors wanted to be near the bereaved and bring their grief before God and a message of hope from God. My hope is that this study will encourage pastors to reflect upon their own theology and how they will preach after “sudden and painful death”.

Løgstrup, “Sudden and painful death”, funeral, preaching, Church of Norway

Innhold

1 INTRODUKSJON	8
1.1 Observasjon.....	8
1.2 Oppgåva sin «Sitz im leben».....	8
1.3 Spørsmål.....	9
2 Teori	11
2.1. Litteratur (Tidlegare forskning/ aktuell forskingslitteratur).....	11
2.2. Den etiske fordringa.....	14
2.2.1 Fordringa er taus.....	15
2.2.2 Fordringa er radikal.....	15
2.2.3 Fordringa er einsidig	16
2.2.4 Fordringa er uoppyllbar	16
2.3 Gravferdsordninga.....	17
2.3 Den doble anamnese.....	18
2.4 Levande håp	19
2.4.1 Gud som skapar	20
2.4.2 Jesu jordiske liv	20
2.4.3 Krossen, liding og død som solidaritetserklæring.....	21
2.4.4 Oppstoda.....	21
2.4.5 Menneskesyn.....	21
2.4.6 Døden	22
2.4.7. Etterlivet	22
2.5 Det kristne håp	23
2.5.1 Håp hjå Kant og Kierkegaard.....	23
2.5.2 Håp i møte med fortvilning og desperasjon	24
2.5.3 Skapingsteoretisk, kristologisk og ekklesiologisk håp.....	24
2.5.4 Eiga definisjon.....	25
3 Metode.....	26
3.1 Kvalitativ forskingsmetode	26
3.2 Analysemetode	27
3.2 Utval og empiri.....	28
3.3 Forskningsetikk	29
3.4 Analysearbeidet.....	29

3.5 Metodologiske refleksjonar.....	30
4 Funn.....	31
4.1 Samandrag av preikene.	31
4.1.1 Preike 1.....	31
4.1.2 Preike 2.....	32
4.1.3 Preike 3.....	33
4.1.4 Preike 4.....	33
4.1.5 Preike 5.....	34
4.1.6 Preike 6.....	34
4.2 Resultat av tematisk analyse	35
4.2.1 Situasjonen	35
4.2.2 Stadfester mennesket sitt verde	36
4.2.3 Gud er i lidinga.....	37
4.2.4 Gud gir håp.....	38
4.2.5 Oppsummering Håp	43
4.3 Bruken av innhaldet	45
4.3.1 Situasjonen	45
4.3.2 Menneskeverdet	45
4.3.3 Gud i lidinga.....	46
4.3.4 Håp	46
5 Diskusjon.....	48
5.1 Dødsfallet	49
5.1.1 Situasjonen – inn i mørket og lidinga.....	49
5.1.2 Stadfester mennesket sitt verde	53
5.1.3 Gud er i lidinga.....	53
5.2 Kyrkja sitt svar – håpet.....	54
5.2.1 Generelt håp.	55
5.2.3 Spesielt håp	57
5.3 Oppsummering – Fordringa er uoppyllbar.	58
5.4 Tema som skil seg frå grunnlaget for Gravferdsliturgien.	59
5.4.1 Frelse og fortaping	59
5.4.2 «På dommedag skal stå til ansvar for sitt liv».....	60
6 Døden – ein stad der Gud er. Samanfattande refleksjonar og konklusjon	61

6.1 Døden – Når eit menneske dør	61
6.2 Døden – Jesu død	61
6.3 Døden - Lidinga, møte med dødens krefter fram mot døden	62
6.4 Døden – sorga, i tida etter gravferda	63
7 Litteratur.....	64

1 INTRODUKSJON

1.1 Observasjon

«Ein elev er drepent» var den korte telefonmeldinga eg fekk frå rektor tidleg ein måndag morgon, «kan du komme til skulen nå?»

Det var den fyrste av fire «vonde og brå» dødsfall som me fekk i løpet av to år i kyrkjelyden der eg arbeidde. Eg vart som prest kasta ut i ein situasjon som var ukjend og dramatisk. Heile byen var råka av det som var hendt i ei familietragedie. På ei minnestund i kyrkja var nær 200 menneske; familie, vener og andre som kjende seg råka til stades. Det var ein kald vinter, og vegen framfor kyrkja var ikkje brøytt. Eg kontakta kommunen og spurte om dei kunne gjera noko med vegen sidan me skulle gå frå kyrkja til gravplassen under gravferda. Då kom ein kar som skrapa vekk alt av snø og is – då stilte alle opp! Under gravferda var kyrkja full av familie, skulekameratar, vener og mange som ville syne si medkjensle.

Som prest kjende eg då at eg hadde ei dobbel rolle. Eg fekk ansvar for å bera dei sørgande fram for Gud med deira sorg og klage – og skulle samstundes «svara»/stå fram på vegne av Gud for dei. Med media nær på var det ei krevjande tid.

Ved liknande gravferder har opplevingane vært nokså like.

1.2 Oppgåva sin «Sitz im leben»

Denne oppgåva er avslutninga av det som for meg har blitt eit 15 år langt løp for å fullføre «Erfaringsbasert Master i Praktisk Teologi». Eit studie som er eit samarbeid mellom Presteforeninga, bispedømme og dei tre teologiske utdanningsinstitusjonane MF, TF og VID Stavanger, tidlegare Misjonshøgskulen. Ved å halde erfaringa ein har som prest opp mot teoretisk kunnskap så er meininga at ein som prest skal vidareutvikle seg i si teneste.

Aristoteles definerte tre kjelder for kunnskap:

- Theoria – Teoretisk kunnskap
- Techne – Praktisk kunnskap
- Phronesis – Erfaringsbasert kunnskap/visdom

Aristoteles kalla den «Phronesis», denne erfaringsbaserte, kroppsleggjorde visdomen som ein får når teoretisk og praktisk kunnskap vert din eigen. Når den du er og kva du kan er den som personar møter. Og dette møtet vert unikt – for berre du kan møte personen som du er.

Målet med oppgåva er at prestar som les den kan reflektere over eiga praksis i møte med «vond og brå død». Kanskje kan dei bli meir medvitne om kva teologisk innhald dei tek i bruk i preika, korleis dei nyttar liturgien og anna innhald, og korleis dei vil leggja det fram. Kva slag håp skal dei leggja fram? Korleis kan dei best bera dei pårørande fram for Gud – og bere ein bodskap frå Gud fram for dei? Eg har stor tru på at prestar i små grupper som reflekterer over si teneste, og gjerne med hjelp frå denne oppgåva, vil kunne verte meir merksame på eiga praksis og kunne stole meir på eiga phronesis, sin eigen kroppsleggjorde visdom i møte med slike gravferder. Slik at dei sørgjande kan møta prestar som har integrert sin teologi med si praktiske erfaring, og slik nyttar sin praktiske visdom når han eller ho forrettar i gravferder.

I staben i kyrkjelyden og ved ulike kurs i «Erfaringsbasert Master i Praktisk Teologi» har eg arbeidd med spørsmål knytt til gravferder etter «vond og brå død». I kyrkjelyden laga me mellom anna ein plan for korleis kyrkjelyden kunne handle ved slike dødsfall. Eg skreiv og ei oppgåve under kurset «Pastoral Lederutvikling, PLU» der eg skreiv litt om rolla presten fort kan få i slike gravferder; «Noen må stå støtt» (Eriksen, 2016).

I denne oppgåva vil eg sjå nærare på innhaldet i gravferdspreiker etter «vond og brå død». Gjev forkynninga uttrykk for den doble rolla, om å bere dei sørgande fram for Gud – og «svare» på vegne av Gud?

I gravferdsboka står «tale» som overskrift for forkynninga. Eg har ved fleire høve fått takk for ei god tale etter ei gravferd, men då veit eg som regel ikkje om dei meiner minneorda eller forkynninga. Så for å gjere det heilt klårt for alle som måtte lese oppgåva nyttar eg «preike» for den forkynninga som skjer under «punkt 10 Tale» i Gravferdsliturgi for Den norske Kyrkja. Eg nyttar «gravferd» som namn på seremoniane utan å vite om det har vært gravferd eller bisetjingar ved dei aktuelle dødsfalla.

1.3 Spørsmål

Presten talar på vegne av, og saman med dei sørgande, i bønner og der liturgien vender seg til Gud. Han/ho talar òg på vegne av Gud med skriftlesing, preike og velsigninga. Løgstrup sin tanke om «den etiske fordringa», at i eit møte med ein neste får eg noko av nesten sitt liv i mine armer, er eit godt bilete for meg på den oppgåva eg har som prest i ei slik gravferd. Mange sterke kjensler kan vere til stades hos dei sørgande i ei slik gravferd; sorg, smerte, kanskje sinne. Dette vert ei «fordring» til kyrkja og til meg som prest, og korleis eg tek i mot og responderer på den kan vere viktig for dei sørgande.

I innleiinga til gravferdsliturgien, fastsett av Kyrkjemøtet for Den norske kyrkja i november 2003 står det at «alt av salmar, tekstlesingar, bønner og tale, skal bidra til å syna heile bredda i budskapet» som vert forkynt i ei gravferd. (*Gravferd* 2014). Og slik arbeider vi prestar ofte med salmar og tekstar når vi førebur oss til gudstenester eller gravferd. Samstundes er det ei lang tradisjon i kyrkja at det er «preika» som er det eigentlege, det er da vi høyrer Guds Ord forklart og utlagt. Utsegner som at «eg skal høyre preika i dag», «var det ei god preike?» fortel at for mange er ikkje liturgien og salmesongen det sentrale. I Sogn Avis var «Preikelista» den faste overskrifta til oversikten over søndagens gudstenester i dei elleve åra me budde der. Preikene har ei lang historie for mange som det sentrale i våre gudstenester, og er viktig for mange òg i ei gravferd.

«Preika» er òg den staden der presten sjølv vel sine ord. Der han eller ho skal stå fram med ein budskap frå Gud til dei sørgande. Dette er krevjande ved «vond og brå død», samstundes som det kan vere viktig for dei som er til stades.

Dette er ramma som preikene er meint å vere ein del av. I denne oppgåva går eg inn i det faktiske innhaldet i 6 preiker som er brukt av 6 ulike prestar i gravferder etter «vonde og brå» dødsfall. Dernest ser eg på korleis dette innhaldet vert brukt. Blir det lagt vekt på det «læremessige» og korrekt teologiske, og er det mogleg å finne sjelesørgeriske moment? På kva måtar løfter desse prestane dei sørgande inn for Gud, og kva kjem han/ho med frå Gud?

Forsknings spørsmål mine vert då:

1. Kva er det teologiske innhaldet i preikene i gravferder etter «vond og brå» død?
2. Korleis vert innhaldet brukt i preikene?

2 Teori

I teorikapittelet gjev eg først eit oversyn (pkt 2.1.) over tidlegare arbeider og forskning med direkte relevans for forkynning i gravferder etter brå og uventa dødsfall.

Eg nyttar Løgstrup sin forståing av «den etiske fordring» som ramme for å utvide forståinga av korleis preikene bidreg til å ivareta dei sørgjande (pkt 2.2.). Eg opplever at fordringa seier noko viktig om møta med dei næraste og andre som kjenner seg råka av dødsfallet. Fokuset den gjev kan òg ha mykje å seie for arbeidet med preikene. Ved refleksjon over korleis preikene representerer eit møte mellom prestane og dei sørgjande, kan vi utvikle vår «phronesis» til bruk i liknande gravferder.

Eg vil så presentere tre ulike perspektiv som eg nyttar i analysen av datamaterialet. Desse er Gravferdsordninga for den Norske Kyrkja (*Gravferd*, 2014, pkt 2.2.); omgrepet «den doble anamnese» (pkt 2.3.) som forklart i Nordhaug sitt kapittel «Gravferdstalen» (Nordhaug 1997); og presenterer ulike perspektiv frå Leer-Salvesen si avhandling «Levende håp» (Leer-Salvesen, 2011), (pkt 2.4.).

Håp er eit sentralt tema i alle preikene, eg vil dermed ta med eit teori-kapittel om «håp» (pkt 2.5). Eg nyttar då ulike teologar sine synspunkt slik at eg kan gå djupare inn i diskusjonen av funna om denne sentrale budskapet i preikene.

Dette teorigrunnlaget kan hjelpe meg til å oppdage korleis prestane bærer avdøde og dei sørgjande fram for Gud – og korleis dei bærer ein budskap frå Gud fram for dei sørgjande; kva i budskapet finn eg av teologi om mennesket, lidning og død, gudsbilete og kva dei seier om eit mogleg evig liv; og kva er av sjelesørgeriske moment, som kan gje håp og trøyst.

2.1. Litteratur (Tidlegare forskning/ aktuell forskingslitteratur)

Det har vært skriva noko om gravferder dei siste åra. Bjarte Leer Salvesen doktoravhandling frå 2011, «Levende Håp» der han analyserte 50 gravferdstaler + minneord er den mest relevante for mi oppgåve (Leer-Salvesen, 2011). Her analyserer han eit breitt spekter av preiker opp mot håpsteologien til Jürgen Moltmann. Leer-Salvesen går òg inn på gudsbilete og kva syn på mennesket som kjem fram i preikene. Han registrerer at preikene etter brå dødsfall har eit særskilt fokus på lidning. Wenche Lie Lysne har i 2016 levert ei mastergradsoppgåve der hun analyserte 15 gravferdstaler opp mot Jürgen Moltmann sin håpsteologi (Lysne, 2016). Hennar funn skil seg ikkje mykje frå det Leer-Salvesen har gjort, og eg vel å bruke hans studie som referanse vidare i oppgåva.

Halvor Nordhaug har eit kapittel om gravferdstalen i boka til Olav Skjevesland og Berit Okkenhaug: «*Våre tider i Guds hånd*» (Okkenhaug&Skjevesland, 1997) . Her skriv han om den doble anamnesen/ihukomminga som han meiner skal skje i ei gravferd. «Vi minnes den avdøde i minnetalen – og vi minner hverandre om håpet om oppstandelse og evig liv i Kristus». (Nordhaug, 1997 s 215). I preika tenker han at vi skal tolke avdøde sitt/våre liv i møte med kristusforteljinga.

Jan-Olof Aggedal, «Røda skor på kistan», (Aggedal, 2016), og Ingeborg B. Sommer «I avdødes ånd. Gravferden – de pårørende og presten » (Sommer, 2019) er artiklar som tar opp utviklinga av personleg tilrettelegging av gravferder. Dei skriv om heile gravferda, og ikkje mykje om gravferdspreika som er mitt fokus. Men desse referansane gjev viktige signal om at gravferdene er viktige for pårørende og krev god førebuing frå prestane. Eit interessant moment hos Sommar sine fire prestar er at dei alle medvite endrar på liturgien i gravferda, og grunnjev kvifor og kva det får å seia for forkynninga. Eg vel å ta med eit lengre sitat her som eg kjem tilbake til i diskusjonen.

«I selve gravferden valgte prestene å fokusere på «vårt håp i Jesus Kristus». Alle unnlot å lese Joh 3,16 som del av inngangsordene, og samtlige omformulerte eller droppet innledningen for skriftlesning. Begrunnelsen de gav, var at de ikke ønsket å bruke ord som «fortapt» eller «dommen» i en gravferd, noe de forankret både teologisk og pedagogisk.

Prestene var tydelige på at selv om dommen er et viktig aspekt ved troen, blant annet som uttrykk for håpet om en ny rettferdighet og om nyskapelse og gjenoppbyggelse, var gravferden ikke stedet å utlegge om dette. De fryktet at ordet kunne forstås som forkynnelse av straff. Det var viktig for dem å bruke talemåter som var mer inkluderende og lettere å forstå.

I stedet ønsket prestene å gi trøst og forkynne håp på en måte som tok pårørendes liv og erfaringer på alvor. De ønsket ikke å sette opp et skille mellom det kristne og det allmenne, men ville i stedet skape en bro mellom kirkens fortelling og de pårørendes liv gjennom en allmenn tilknytning til det kristne.» (Sommer 2019 s25-26.)

I løpet av dei siste 20 åra og særleg etter 22 juli har det vert mykje fokus på kriser, krisehandtering, traumer og traumebehandling. Kari og Atle Dyregrov har skrive mykje, og Atle Dyregrov har vært sentral i arbeidet på RVTS-Vest, Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging. Atle Dyregrov skriv i si bok «*Katastrofepsykiatri*» (2028) at ei god gravferd kan ha ei positiv effekt på det traume dei næraste går gjennom etter eit tragisk dødsfall. Han skriv og at det er viktig å ikkje omskrive det som har skjedd, men tørre å nemne

konkret det vonde som har skjedd. Kari og Atle Dyregrov skriv i artikkelen «Positive Growth following Trauma» at ei fin gravferd kan vere ein del av det som gjev vekst etter eit tragisk dødsfall (Dyregrov, 2019).

Lars Johan Danbolt syner i boka «*Den underlige uka*» (2002) til sin forskning om sørgeåtferd etter dødsfall. Resultatet han finn er at dei som tek aktivt del i prosessen frå dødsfall fram mot og inkludert gravferda har mindre traumatiske sorgreaksjonar eit år etter dødsfallet.

Kyrkjene har ofte vært viktige stader i krisene, og ein del er skrive om dette. Det blir ofte stor medieinteresse ved brå og uventa dødsfall. I boka «*Gråte min sang*» (2007) går Lars Johan Danbolt og Hans Stifoss-Hanssen inn og studerer minnegudstenester etter «vond og brå» død. Dei viser at mange kjenner seg råka av dødsfalla, og kor viktig kyrkja kan vere for dei næraste og lokalsamfunnet i den første tida. Både ved at det tales ope om det vonde og vanskelege, og at ein forsiktig løfter fram håpet som ein har. Gravferda har ei anna rolle, men boka syner kor viktig det som skjer i kyrkja kan vere for mange av dei pårørande og andre som har stått avdøde nær (Danbolt & Stifoss-Hanssen, 2007).

Når det gjeld håp er den tyske teologen Jürgen Moltmann blant dei fremste (Moltmann, 2013), og Leer-Salvesen brukte han som sin teori som han målte sine preiker opp mot (Leer-Salvesen, 2011). Eg vel å ikkje bruke Moltmann direkte i mi oppgåve. Eg vel å beskrive håpet slik det kjem fram i det empiriske grunnlaget for oppgåva. Roe Fremstedal syner i ein artikkel om håp hos Kant og Kierkegaard korleis dei har to kategoriar for håp, eit generelt håp og spesielle håp (Fremstedal, 2008). Terje Torkelsen har ein artikkel om gjensyn som håpsdimensjon der han tek opp ulike perspektiv på håpstenkinga som eg finn nyttige (Torkelsen, 2015). Anna Dalaker skriv i ein artikkel om betydinga av håp for menneske i livets slutfase (Dalaker 2010). Desse artiklane vert mitt utgangspunkt i det vidare arbeidet med håpsforkynninga i preikene.

Knud Ejler Løgstrup gav ut sin bok «den etiske fordring» i 1956 der han gjorde greie for innhaldet i fordringa. Eg har arbeidd med ei engelsk utgåve, slik at mine sitat om fordringa er på engelsk (Løgstrup, 1997). I Noreg har Kari Martinsen brukt hans tankar inn i arbeidet om forståing av omsorg som grunnvilkår for menneske og kva denne forståinga har å seie for sjukepleiefaget (Martinsen, 2010).

Når så lite er skrevet om innhaldet i preiker etter «vond og brå død» så kan denne oppgåva bli viktig som eit steg i å løfte fram arbeidet der presten møter pårørande og lokalsamfunn sterkt

prega av det aktuelle dødsfallet. Vidare arbeid med andre preiker vil kunne gje meir kunnskap og syna om min empiri er representativ, eller om andre gjer dette heilt annleis.

2.2. Den etiske fordringa

På byrjinga av 1950-tallet utvikla den danske teologen og filosofen Knut E Løgstrup omgrepet «Den etiske fordringa» (Løgstrup, 1997; Martinsen, 2010). Han ser på fordringa som ein felles, human fordring. Han ønsker å gje ein definisjon i reint humanistiske termar av forholdet til nesten som er essensen i den religiøse forkynninga/proklamasjonen til Jesus av Nasaret. Løgstrup tar utgangspunkt i ein skapartanke om at eitkvart menneske sitt liv er ein gitt. Vi kan ikkje krevja noko – vi er ikkje herrar over livet. Vi lever våre liv i relasjon til andre menneske, og nokre relasjonar er korte, medan andre varer livet ut. Men i desse relasjonane har vi alle ein viss innverknad på, eller makt over kvarandre. Ein har noko av nesten sitt liv overgitt i sine hender. «It arose out of the fact that something of the other person's life has been delivered into my hands and is in my power». (Løgstrup 1997 s 54). Den etiske fordringa er då korleis ein responderer på den fordringa nesten sitt liv representerer, altså korleis ein handlar til sin neste sitt beste i desse situasjonane. Det felles, humane ansvaret, eller det «moraliske er å være i bevegelse fra seg selv til den andre for å handle til den andre sitt beste» (Martinsen, 2010, s 21).

Fordringa bygger på Jesu ord om «å elska sin neste som seg sjølv». Den bygger og på tanken om at når våre evner og anlegg er gitt oss så står vi i gjeld til livet/vår skaper. Livet er ikkje mitt eige i den grad at eg ikkje er opphavet til det. Og i våre liv er vi «mutually and in a most immediate sense in one another's power» (Løgstrup, 1997 s 28).

Ut i frå denne tanken kjem fordringa om å ta seg av det som ein er gitt av den andre sitt liv. Her i vårt tilfelle har kyrkja gitt presten i oppgåve å forrette i ei gravferd etter vond og brå død. Denne viktige delen av livet til dei sørgande er det den einskilde presten held i sine hender når han står fram for dei og seier: «vi er samla her i dag for å ta avskil med ...» (Gravferdsboka 2014, s 45). Målet med oppgåva vert då å sjå kva ein finn av korleis forkynninga svarar på dette i preikene – sjokk og vantru over at forferdelege ting kan skje brått og uventa, i tillegg til sorg, sakn og sinne som er utløyst av dødsfallet.

Men akkurat kva som er fordringa frå kyrkjelyden i gravferda er ikkje kjent, det er ikkje noko som er uttalt eller eksplisitt. Løgstrup seier at fordringa er: taus – radikal – einseitig – uoppfyllbar. Men presten har likevel noko av sin neste sitt liv i sine hender.

2.2.1 Fordringa er taus

Løgstrup meiner at fordringa er taus på to måtar.

For det første: The demand which is present in any human relationship is, however, unspoken and not to be equated with a person's expressed wish or request.» (Løgstrup 1997, s 20) «The situation may be such that I am challenged to oppose the very thing the other person expects and wishes me to do for him or her, because this alone will serve his or her best interest. (Løgstrup 1997, s 21)

Det er aldri nesten som kan definere kva fordringa er i ein situasjon. Det vert til i møtet mellom dei to og det er opp til den som «får noko av sin neste sitt liv i sine armar» å definere kva fordringa er her og nå.

For det andre: “The radical demand is unspoken. It is not expressed in social norms.” (Løgstrup 1997, s 56)

Sosiale forventningar kan vere klare og sterke for kva ein person skal gjere overfor ein eller fleire andre.

Ingen kan definere fordringa som oppstår i møte mellom menneske. Fordringa oppstår i den relasjonen som vert til mellom personane og avheng av kven begge personane er.

2.2.2 Fordringa er radikal.

I og med at fordringa er taus er den radikal:

The point of the unspoken demand, however, is that everything which an individual has opportunity to do and say in his or her relation to the other person is to be done and said not for his or her own sake but for the sake of him or her whose life is in his hand. (Løgstrup 1997, s 44)

Den som møter sin neste må sjølv avgjere korleis ein vil handle, må sjølv bestemme kva som er til det beste for nesten. Det radikale er også at det kan bli en byrde for ein, det vil kunne forstyrre ens liv, når alt skal bli gjort for den neste. Det radikale ligg òg i at eg kan få ansvar for ein person som ikkje stolar på meg eller til og med kan hate meg (Løgstrup, 1997).

Fordringa gjev ikkje retningslinjer for korleis ein skal oppfylle fordringa. Det er heilt opp til den einskilde personen. «And we must learn this from our own unselfishness and of our own understanding of life» (Løgstrup 1997, s 56).

Gravferdsliturgien gjev rammer for korleis gravferda skal forrettast, og peiker på sentrale teologiske tema som kyrkja meiner skal tas med i totaliteten i forkynninga i ei gravferd. Så er det ein diskusjon om korleis ivareta det radikale inn i det meir tidlause som gravferdsliturgien er med sine rammer og skriftlesingar og bønner som kan vere 2500 år gamle.

2.2.3 Fordringa er einsidig

I våre sosiale relasjonar er det ein stor grad av gjensidigheit. Vi svarer ofte med gjenytingar på dei ulike områda – det ligg i god takt og tone. Men fordringa handlar ikkje om dette. Den er einsidig. Den krev handling utan tanke om å få noko attende. Det er ei fordring og eit ansvar eg får i møtet med min neste. Kva det nå enn er av min neste sitt liv som eg held i mine hender og som eg har fått ansvar for.

This demand makes sense only on the presupposition that the person to whom the demand is addressed possesses nothing which he or she has not received as a gift.

Given that presupposition, the demand is the only thing which makes sense. (Løgstrup 1977, s 116)

Når livet er ei gåve – er tenesta eit privilegium.

2.2.4 Fordringa er uoppfyllbar

Fordringa er umogleg å oppfylle. Den møter motstand i oss fordi den vil krevja mye av oss – tid, arbeid, pengar alt etter som. Vi går kanskje i «forhandlingar» med fordringa. Vi ser kva den vil krevja, men vil redusere vår del av oppgåva. Løgstrup viser til Jesus som aldri gav nokre konsesjonar når det gjeld si tolking av lova eller når det kom til kor ofte ein skulle tilgje. Og han skriv vidare:

From a philosophical point of view the Sermon on the Mount can be kept; that is, it is possible to set forth its content. In part, this is really what we are trying to do here. As preaching, however, the Sermon on the Mount cannot be kept; it cannot be proclaimed. Yet this is precisely what Jesus did. (Løgstrup 1997, s 209)

I denne spenninga mellom fordring og mitt ufullkome svar er det vi lever, som prester og som menneske.

Eg tek med eit lengre sitat frå Løgstrup som eg finn sumerar opp på ein god måte kva som ligg i fordringa:

The radical demand gives no detailed directions concerning the actions and conduct through which the other person is to be served. A person must use his or her own experience and insight, his or her own judgement of the other person's situation and of their mutual relationship. And, not least of all, he or she must use his or her imagination to determine whether the other person is best served through certain words he or she may speak or through his or her remaining silent, through certain actions he or she may take or through his or her not acting at all. The radical demand does not bypass a person's own insight, experience, judgement, and imagination. It only indicates whom he or she is to serve through these abilities, namely, the other person rather than him or herself. (Løgstrup, 1997, s 105)

Her beskriv Løgstrup «phronesis» i bruk utan å nytte omgrepet når han på ein måte sumerar opp kva som ligg i fordringa. Det er fasinierende at den gjev rom for at den vert ulik frå person til person. Ingen prest vil sjå den likt eller svare på den likt. Mykje av dette vil vere gjort ved ulike møte, men eg trur at òg i preikene vil eg finne moment på korleis dette vert gjort.

I preikene er det dei sørgjande, prega i ulik grad av sorg, mørke, vantru og sjokk, som er den «nesten» presten har i sine armar når han eller ho står fram med si preike. Om dei sørgande er eit slag kollektiv, så vil det være den einskilde som vil kjenne seg sett eller boren i alt det som skjer i ei gravferd.

2.3 Gravferdsordninga

I innleiinga til gravferdsordninga fastsett av kyrkjemøtet i 2002 står det:

I den liturgiske utforminga av handlinga uttrykker kyrkja det grunnleggjande i den kristne trua: at mennesket er Guds skapning, at Gud gjennom Jesus Kristi død og oppstode og trua på han har lagt grunnlaget for mennesket si frelse, at det på dommedag skal stå til ansvar for livet sitt og at det skal atterreisast i oppstoda av lekamen. Gjennom val av skriftlesingar, bønner og salmar og det som elles vert sagt og gjort, skal alle som har ansvar for eller medverkar til gravferdshandlinga, gjera sitt til at den bibelske budskapet kjem til uttrykk i sin fylde. (*Gravferd* 2014, s41)

I oppgåva går eg ut frå det som ovanfor er definert som «grunnleggjande i den kristne trua» er den «bibelske budskapet» preikene skal vere med å bere fram.

Etter nådehelsinga fortset liturgien slik: «Vi er samla her for å ta avskil med NN. Saman vil vi overgje han/henne i Guds hender og følgja han/henne til den siste kvilestaden.» (*Gravferd* 2014, s 45) Dette «vi-et» er subjektet i liturgien som presten talar på vegne av i møte med Gud, og objektet for orda frå Gud. Når pårørande har minneord eller ei helsing ved kista vender dei seg ofte direkte til avdøde. Liturgien har «kyrkjelyden» som sikte heile tida, heilt fram til jordpåkastinga. Tekstlesinga vert innleia med: «Lat oss høyra kva Guds ord vitnar...»

(*Gravferd* 2014, s 49), det vert tydeleg at dette er ord til dei som er til stades. Og det gjev og retning for preika som fylgjer – det er «vi-et» som no er objekt for Guds Ord til dei.

Jordpåkastinga er gravferda si dramaturgiske høgdepunkt, enten det er i samband med gravferd eller bisetjing:

«Av jord er du komen.

Til jord skal du verta

Av jorda skal du atter stå opp.» (*Gravferd* 2014, s 52)

Den gjer at det er tydeleg at kyrkja forkynner ei oppstode frå dei døde. Når ein er samla for å ta avskil med avdøde er det frå kyrkja si side med trua på at avdøde ein gong skal stå opp frå dei døde.

2.3 Den doble anamnese

Nordhaug (1997) skriv om den doble anamnesen, «ihukommelsen» som han meiner skal skje i ei gravferd. Det handlar både om den som er død og om oppstoda og håpet evig liv. «Vi minnes den avdøde i minnetalen – og vi minner hverandre om håpet om oppstandelse og evig liv i Kristus». (Nordhaug 1997, s 214). I preika skal vi bringe desse to elementa saman og tolke så vel som avdøde sitt som våre liv opp mot Jesus sitt liv med særleg fokus på Krosshendinga: «Den homiletiske utfordring er derfor å bringe de to minneordene i dialog med hverandre, å la tekst møte kontekst, uten at tilknytninger virker søkt eller mangler teologisk edruelighet». (Nordhaug, 1997, s 215).

For Nordhaug er møta med pårørende viktige slik at ein kan bli kjend med dei, og betre kjend med avdøde. I desse møta kan ein finne stoffet til minneorda og utgangspunkt for preika meiner han. Da vil ein lettare kunne ha ei preike som kommuniserer med dei.

Nordhaug siterer og den tyske teologen Herbert Feifel som meiner at der finnes eit skriftord som til ei viss grad passar til ein kvar avdød. Det kan gå på yrke, interesser, viktige hendingar i livet, dei ein er glad i. Det kan vere mykje ein kan ta utgangspunkt i. Dette meiner Nordhaug kan vere pedagogisk viktig, men det må ikkje verke søkt. Det er eit prinsipp blant fleire prestar at dei ikkje nemner avdøde i preika i frykt for at det vil oppfattast at dei går god for at vedkommande vil bli frelst. For Nordhaug kan nettopp dette vere eit innsteg til møtet mellom avdøde og tilhøyrarane, og Jesus i preika.

Men der er òg eit dialektisk forhold, der er samanheng og eit brot. Evangeliet kan ikkje utleiast av noko livsløp, men er ei openbering av korleis Gud greip inn til frelse for

menneska og at skaparverket skal gjenfødest. Nordhaug held fram med å visa til at Jesus utfordrar vår livs-verkelegheit. Når Jesus reiser sonen til «enka i Nain» opp frå dei døde, (Luk 7,14), så er det som presten repeterer desse orda ved kista i når presten seier «av jorda skal du atter oppstå» (*Gravferd*, 2014, s 55).

Nordhaug (1997) nemner også at det ser ut til at prester vik unna spørsmål om synd og skuld. Nordhaug meiner at når gravferda er ei terskeloppleving, vil det kunne kjennast frigjerande å preike om Jesu død i vår stad for våre synder. «Guds ord stadfester i Kristus at alt som er godt og sant som har fylt et menneskeliv, og gir løfte om en frelse fra all den konkrete nød og sorg som nettopp ved en gravferd kan kjennest så sterk.» (Nordhaug 1997, s 217)

I analysen av det empiriske materiale som er grunnlag for mi oppgåve vil eg særleg nytte følgande moment ved «den doble anamnesen»:

- Kva del av, interesser eller viktige hendingar, i livet til avdøde vert tatt opp i preika, og kva deler av Jesu liv vil det eventuelt spegla mot.?
- Speglar val av bibeltekstar noko av livet til avdøde?
- Kva dialektikk eller samanheng og brot er der mellom avdøde og Jesu liv?

2.4 Levande håp

Bjarte Leer-Salvesen skreiv PhD-avhandlinga «Levende Håp» etter å ha forska på innhaldet i gravferdspreiker. Her har han tatt ei kvalitativ undersøking av innhaldet i 51 preiker frå Agder og Oslo bispedømme. Leer-Salvesen ba om at prestane sende inn den preika dei hadde heldt ved den førre gravferda, og hadde såleis ingen kriterier for kva slag dødsfall dei var haldne etter. Målet med avhandlinga var å: «Å gi en praktisk teologisk analyse av hvordan 51 prester forkynner håp i Den norske kirkes gravtaler» (Leer-Salvesen, 2011, s 13). Han analyserer talene opp mot teologien til håpsteologen Jürgen Moltmann. Her er ein «kyrkjelyd» av pårørande, slekt og vener, frå 10 til 200 til stades i hans materiale.

Det som er tydeleg i Leer-Salvesen sine funn er at Gud vert sett på som ein kjærleg skapar, som ser til mennesket med kjærleik. Der er eit positivt syn på mennesket, sjølv om det er «begrensa» på ulike vis; sjukdom, synd og har døden som sin siste fiende. Jesus syner ved sitt jordiske liv m. a. omsyn for oss menneske. Krosshendinga vert det sentrale ved at han gjev sitt liv for vår skuld, tilgjev synd, og sigrar over døden ved oppstoda. Dei fleste prestane talar om eit liv etter døden og dei deler seg om lag på midten om det er for alle eller berre for dei som trur.

Funna til Leer-Salvesen kan vere med å synleggjera kva som skil seg ut i preiker etter «vond og brå» død, og om det han finn ved slike dødsfall samstemmer med mine funn. Der han siterer frå ulike preiker finn eg ting som samstemmer med mine funn, men om det i dei same preikene òg er noko dei er usamde om kan eg ikkje vite. Når eg har ein kvalitativ studie av 6 preiker så er det dei tydelege funna til Leer-Salvesen som det er enklast å diskutere opp mot mine funn.

Leer-Salvesen har i sitt materiale preiker etter alle slag dødsfall, nokre av dei omtalar han som etter «vond og brå død». Det er difor naturleg å sjå mine funn opp mot Leer-Salvesen sine. Det gjeld både det som skil seg frå hans resultat, og om der er likskap med innhaldet i dei preikene han refererer til at er etter «vond og brå død». Funna til Leer-Salvesen vil hjelpe meg til å spegle mine preiker mot «vanlege» gravferdspreiker. Men òg opp mot dei funna der han særleg referer til gravferder etter «vond og brå død».

Eg presenterer her innhaldet under dei tema som Leer-Salvesen brukte i sin analyse, og trekker fram element som har vore til hjelp i min analyse, og også tekst som gjev grunnlag for samanlikning i drøftingsdelen. Resultata er summen av funna, og han gjev tal på kor mange preiker som tek opp ulike tema og på kva måte.

2.4.1 Gud som skapar

I preikene Leer-Salvesen analyserte vert skaparverket framstilt som Gud si gode gåve til mennesket. Det gjeld naturen, livet og mennesket. Naturen, kanskje særskilt våren vert og brukt som bilete på nyskapinga og det evige livet. Medmennesket er og framstilt positivt, som Gud sin gåve til oss. Familie og vener er viktige og gode å ha rundt seg. Når dei positive trekka ved skaparverket vert tatt fram er det ofte for å syna at Gud er god.

Leer-Salvesen skriv at det er eit sentralt trekk ved preikene at Gud sine eigenskapar som skapar blir nemnt saman med Gud sin kjærleik til skaparverket og mennesket særskilt. Det kan sjå ut som dette vert tatt opp særskilt ved brå og vonde dødsfall.

2.4.2 Jesu jordiske liv

14 prester omtalar andre hendingar i Jesus sitt liv enn krosshendinga. 6 tek opp inkarnasjonen, og viser til at det er med på å gje verde til oss som menneske. 5 nemner Jesu si eiga sorg i møte med den døde Lasarus. Jesus lid i kjærleik. Gud sin kjærleik gjer ikkje at Gud ikkje kan lide med oss, snarare tvert om. Gud er med-lidande på grunn av sin kjærleik til det skapte.

Gud som ser oss i vår lidning, og er med oss i vår sorg, vert særleg trekt fram etter dødsfall ved brå og vond død.

2.4.3 Krossen, lidning og død som solidaritetserklæring

Leer-Salvesen finn at krosshendinga som han bruker som omgrep for både Jesu lidning, død og oppstode vert eit sentralt tema i dei fleste preikene. Og sentrale i forkynninga om håpet.

Han deler vidare inn denne forkynninga i tre med ulik vektlegging av kva som er viktig i krosshendinga i dei ulike preikene.

Gud stiller seg i krosshendinga solidarisk med oss menneske i vår lidning. Han lid med oss gjennom Jesu lidning. Heile Jesu liv frå inkarnasjonen til kross og oppstode syner Gud sin kjærleik til oss menneske. Desse aspekta kommer ofte fram i relasjon til menneskets, avdøde/pårørande si lidning. I 5 av 6 preiker etter dødsfall i kategorien «vond og brå død» er dette sentralt. Det opnar og for vår klage til Gud.

13 prestar nemner at mennesket får tilgjeving frå synd grunna krosshendinga. Tilgjevinga gjev evig liv. Det er ulik fokus på om dette gjev eit dennesidig håp, eller berre eit evig håp.

2.4.4 Oppstoda

29 prestar omtaler i sine preiker Jesu oppstode, og hendinga er sentral i deira forkynning av håp. Jesu oppstode som eit sigersmotiv er tema i 13 av preikene. Jesu siger vert løfta fram som avgjerande for menneska sitt håp. Det kjem ofte mot slutten då presten nok ynskjer å løfte forsamlinga og syna dei håpet som ligg i Jesu oppstode. 10 av prestane held fram eit hinsidig håp knytt til Jesu oppstode, medan for 19 gjev Jesu oppstode både eit dennesidig og hinsidig håp.

For 17 av prestane er dette håpet om eit evig liv eit inklusivt håp der menneskets tru ikkje vert tatt opp. Medan for 12 så skil dei mellom kristne og ikkje-kristne, i større eller mindre grad.

2.4.5 Menneskesyn

I 32 av preikene vert avdøde nemnt, 31 ved namn. Eit trekk er at avlidne og pårørande sine liv og relasjon får relativt stor plass. «og avdøde og nære pårørande får breiast omtale i møte med vond og brå død.» (Leer-Salvesen 2011, s 214). Mange prestar nemner at mennesket er skapt i Gud sitt bilete. Dermed vert mennesket, og mennesket sitt liv òg viktig. Fellesskapet og relasjonen mellom mennesket og Gud, og menneska imellom vert løfta fram som ein viktig

del av det å være menneske. Gud sin kjærleik til menneska er eit viktig aspekt for fleire preiker. Denne er viktig for vår kjærleik til kvarandre og våre relasjonar.

17 av prestane omtaler mennesket som syndig eller avgrensa. Der synd og svik nemnes vert det alltid forkynt at Jesus har brote synda si makt. Synd «hemmer» mennesket meir enn definerer mennesket. Syndsbegrepet nyttas ikkje for å skille mellom menneske – heller at «vi alle er syndere». Mennesket generelt fremstilles som «avgrensa» og er avhengig av Gud.

34 preiker omtaler på ulik måte mennesket si tru, medan 9 nemner dåpen. 1Pet 1,3, vert ofte sitert i desse samanhengane. Verset som vert lese ved avslutninga av dåpshendinga er òg eit av to alternativ som avslutning i gravferdsliturgien. Dåp er nært knytt til forkynninga av håp. Trua er positiv for dette livet, spesielt etter krevjande dødsfall. 14 prestar nemner at trua er viktig for vårt forhold til Gud. Og dermed òg for frelsa, «Vi'et» blir et kristent vi, sjølv om ingen seier noko om kva som hender med «dei andre».

2.4.6 Døden

Leer-Salvesen finner at dei fleste skriv om døden direkte, utan omskrivingar. Kampmotivet er sentralt for mange prester; døden er vår og Gud sin fiende som overvinnast på krossen. Det vert knytt nært til sigersmotivet i Jesu oppstode, hans seier over døden.

Døden som vår fiende bryter våre relasjonar, fleire skriv at mennesket mister noko av seg sjølv når ein av dei næraste dør. Prestane prøver ikkje å forklare døden, eller korleis den oppstod. Gud er den som vil livet.

Ved vond og brå dødsfall vert døden omtalt som meiningslaus og vanskeleg å komme til rette med. Spørsmålet om korleis Gud kan tillate dødsfall, vert viktig. Gud kjem på tiltalebenken, men ingen svar vert gitt.

2.4.7. Etterlivet

Etterlivet er betegnelsen Leer-Salvesen bruker der prestene nyttar «himmel» eller «evig liv». I møte med ein tilstand vi ikkje kjenner er det naturleg at ulike bilete frå mennesket si verd vert brukte. Det relasjonelle er viktig. Fellesskap vert nytta av fleire som omgrep på denne relasjonen mellom Gud og mennesket og menneske imellom. Leer-Salvesen finn i sitt materiale at der er krosshendinga som legg grunnlaget for eit etterliv.

Det vert forkynt eit sterkt håp om eit liv etter døden i Leer-Salvesen sitt materiale. Prestane deler seg på midten om dette er eit inkluderande håp for alle, eller om det er eksklusivt for dei

som trur. Der det er eksklusivt seies det ikkje noko om kva som skjer med dei som ikkje trur. Fortapinga vert ikkje utmåla, det er heller slik at det er dei truande sine framtidsvyer som vert halde fram med ulike bilete.

2.5 Det kristne håp

Håp er eit viktig tema i den kristne trua. I møte med vond og brå død, med dei nære pårørande og dei sørgande som kjem i gravferda, vert det viktig at ein som prest er klar over korleis ein forstår omgrepet «håp» og «det kristne håp» særskilt. Eg vil i det følgjande presentere korleis nokre teologar tenkjer om håp og korleis eg sjølve definerer «det kristne håp» og korleis eg vil bruke materialet mitt i diskusjonen om «håp» i preikene.

Ramma for ei gravferd er trua på oppstoda frå dei døde. Ei oppstode til frelse eller fortaping, jfr Joh 3,16 som vert lesen ved byrjinga av kvar gravferd. Orda ved jordpåkastinga og dei to moglege skriftorda som kan lesast før velsigninga løfter og fram håpet om eit evig liv. Bønene ein kan nytte etter preika syner at det er Jesu siger over døden og trua på han som er grunnlaget for dette håpet i følgje gravferdsliturgien.

2.5.1 Håp hjå Kant og Kierkegaard

I Fremstedal sin artikkel «Håp belyst ut frå Kant og Kierkegaard» vert Kant og Kierkegaard sine tankar om håp presentert (Fremstedal, 2008). Kant resonnerer ut frå reint filosofisk tankegods, medan Kierkegaard tenkjer ut frå kristentrua. Begge deler håp inn i to kategoriar; eit generelt håp og eit eller fleire spesielle håp. Fremstedal meiner at «både Kant og Kirkegaard kan tolkes dit hen at det generelle håpet er knyttet til menneskets natur og bestemmelse» (Fremstedal, 2008, s 30). Begge nyttar omgrepet «det høyeste gode». For Kant får det eit dennesidig mål om det moralsk gode (dyden) og lukke. For Kierkegaard er det eit håp om evig liv i himmelen. Fremstedal set dette inn i ein tabell som eg trur vil vere til hjelp når eg skal diskutere håpsforkynninga i preikene mine:

Tabell 1. Håp hjå Kant og Kierkegaard henta frå Fremstedal (2008, s 30)

Håp	Generelt	Spesielle
	Det man må håpe på i kraft av å være menneske – referer primært til at vi må håpe på å realisere den etiske fordring, samt at vi må håpe på lykken eller saligheten.	Referer til formål som det ikke er nødvendig å sette.
Kant	Ren, transcendent fornufts side, ikke vilkårlig oppdiktet	Empirisk omgrep
Kierkegaard	Himmelsk håp Evighetens håp	Jordisk eller timelighetens håp. Naturlig eller menneskelig håp. Ungdommelighetens håp

--	--	--

I ramma av oppgåva vil det være nyttig med ei inndeling i generelle og spesielle håp. Det vil hjelpe til med å gjere det klart kva slag former for håp prestane lyfter fram for dei sørgande – handlar det om eit generelt håp om eit evig liv, eller om spesielle håp om livet i kvardagen etter tapet av ein kjær.

2.5.2 Håp i møte med fortvilning og desperasjon

Anna Dalaker kan gje eit bidrag i så måte. I artikkelen «Betydningen av håp for mennesker i livets slutfase» siterer ho fleire forskarar som hevder at ulike former for lidning er ein føresetnad for håp (Dalaker, 2010): «The truth is that there can strictly speaking be no hope except when the temptation to despair exists. Hope is the act which this temptation to despair is actively or victoriously overcome» (Marcel 1965, i Dalaker, 2010 s 36). Og «håp vokser fram i situasjoner der fortvilelse og håpløshet også er til stede som mulighet» (Lester 1995, i Dalaker 2010). Denne type fortvilning og desperasjon er ofte ramma der preikene i mi oppgåve er blitt laga, og der det blir viktig å løfte fram håp i møte med dødens krefter.

2.5.3 Skapingsteoretisk, kristologisk og ekklesiologisk håp

Terje Torkelsen (2015) tek for seg håpsdimensjonen ut frå tre ulike perspektiv; det skapingsteologisk, det kristologiske og ekklesiologiske. Eg tenkjer at denne utgreiinga gjev nyttige innspel til ei rikare forståing av omgrepet «det kristne håp».

Det skapingsteologiske perspektivet om håp handlar om forholdet mellom skaping og nyskaping. I følgje Torkelsen tenkjer ekspert på det gamle testamentet, Claus Westermann at når ein ser på det kristne håp ut frå eit skapingsperspektiv så er dette teosentrisk forståing. «Det er den treenige Guds gjerning som binder skapelse og nyskapelse sammen.» (Westermann i Torkelsen, 2015, s 57). Skriftstadane 1 Mos 1,1-31 og Open 21,1-4 om den gamle og nye jord, tyder i følgje Westermann til, at det skal bli ei ny byrjing der det som er øydelagt skal bli heilt. Det Gud har skapt skal ikkje gå til grunne, men lækjast.

Dette er i samsvar med Biskop Ireneus sitt omgrep «recapitulatio». For Ireneus handlar dette om inkarnasjonen, om kvifor Gud vart menneske – det var for «at han skulle døda synden, nedslå døden och levendegjøre manniskan» (Ireneus i Torkelsen, 2015, s 58). Torkelsen referer og til Gustav Wingren som meiner at når Jesus kjem att skal det skapte rekapituleraast; venda attende til sin opphavelige tilstand.

Det kristologiske perspektiv på håpstenkinga har utgangspunkt i at Jesu oppstode og vår oppstode er uløyselig knytt saman: «it is no longer possible to say «we shall arise,» without saying at the same time: «Christ has risen». This is the new thing in the resurrection in The New Testament» (Cullman i Torkelsen, 2015, s 58).

I 1 Kor.15,20 les me om Jesus som førstegrøda. Førstegrøda var i jødisk tankegang pantet på heile hausten. Jesu oppstode utgjer byrjinga på Guds fornying av heile sitt verk. «Det som skjedde med Ham påskemorgen, skal skje med troens menneske på den siste dag». (Torkelsen, 2015, s 58).

Vidare syner Torkelsen til v 35ff i same kapittel, 1 Kor 15, og til Fil 3,21 at der vil vere ein samanheng mellom den kroppen som døyr og den som står opp, og den kroppen Jesus har etter oppstoda og som vi vil få etter oppstoda. Han siterar M. Silva: «We await the Lord because it is he who will transform our bodies, it is his glorious body that becomes the pattern for ours, and it is his sovereign power that will lend certainty to our hope» (Silva i Torkelsen, 2015, s 59).

Torkelsen nyttar til slutt Luk 24, 36ff for å syne Jesu vedvarande forsøk på å overtyda læresveinane om at han er kroppsleg når han syner dei sine hender og føter og ber om noko å ete. Jesus seier også i v 39 : «det er eg/eg er meg sjølv». Jesus synes å ville syne sin personlege identitet som lik den som var før oppstoda, sjølv om han også er annleis.

I det ekklesiologiske perspektivet tek Torkelsen opp Paulus sin bruk av metaforen kropp (Gr.: soma). Paulus nyttar det i gamalttestamentleg meining, der det beskriv mennesket som eit sjølv, ein person: «Man does not have a soma – he is a soma» (Groebel i Torkelsen, 2015, s 60).

Kropps bildet vert vidare hos Paulus brukt i læra om nattverdfeiringa i 1 Kor 11. Kyrkjelyden vert ein kropp. Ved å ta imot det eine brød vert ein til ein kropp. I 1 Kor 12 står det at dei kristne er døypt til å vere ein kropp. Dette fellesskapet som den kristne er del i er det fellesskapet som skal feire nattverden i lag med Kristus i Guds Rike, Markus 15,24. Tanken om dei kristne som Kristi kropp bryter også grensene for tid og rekk inn i æva.

2.5.4 Eiga definisjon

Eg nyttar «Generelt håp» om eit håp om eit evig liv, og «spesielt håp» om håp som har med ulike forhold i dette livet å gjera. Grunnlaget for dette håpet er Guds kjærleik til oss menneske som får sitt sterkaste uttrykk i krossendinga; Jesu liding, død og oppstode.

3 Metode

Eg arbeidde med tanken om å skrive ei masteroppgåve rundt denne tematikken i fleire år då eg såg at det nærma seg at eg hadde nok studiepoeng til det. I utgangspunktet ynskja eg å få tilgang til meir bakgrunnsinformasjon om korleis prestane planla preikearbeidet, korleis var møta med pårørande og heile situasjonen rundt dødsfallet med på å prege forkynninga i gravferda? Eg ville gjerne ha tilgang til minneorda, slik som Leer-Salvesen hadde hatt, og også intervjuer prestar om deira erfaringar. Då eg kontakta NSD og bad om råd i saka, sa dei at alt materiale, minneord og samtale der avdøde eller pårørande kunne verte nemnde måtte skje etter samtykke frå dei pårørande. Etter samråd med vegleiar fann me ut at dette ville bli for omfattande i ramma av ei mastergradsoppgåve. Det ville også oppstå etiske spørsmål i høve til å be om slikt samtykkje frå pårørande. Dermed vart det tekstanalyse av preiker etter vond og brå død. Analyse av desse vil gje auka medvit om forkynninga i gravferder. Og kanskje kan erfaringsdeling i små grupper, der prestar fortel om eigne erfaringar – i lag med resultatata i denne oppgåva vera grunnlag for vidare utvikling av phronesis.

3.1 Kvalitativ forskingsmetode

Eg ønsker å ta ei kvalitativ analyse av 6 gravferdspreiker etter «vond og brå død». «Med kvalitative studier ønsker man å oppnå en helhetlig forståelse av spesifikke forhold. De søker å gå i dybden og er interessert i mange opplysninger om få enheter, helt ned til en.»

(Bergander, K., & Johnsen, B. (2006) s 25). Eg ønsker at innhaldet i kvar preike skal bli synleggjort slik at ein kan sjå kva det er. Når ein analyserar nøye kvar preike kan ein sjå samanhengar og ulikheiter mellom preikene. Kanskje spesielt viktig i mi oppgåve er korleis prestane lyfter fram det kristne håpet; sterkt, ulikt, og kanskje ikkje heilt klårt.

Kirsti Malterud (2011) har desse tre omgrepa som ho meiner kastar lys over forskingsprosessen:

- Refleksivitet – forskarens eiga rolle. Eg er ein mann på over 60 år. Eg har forretta ved gravferda etter fleire slike dødsfall. Mi oppleving har vært at eg må stå fram med meg sjølve og mi tru i slike situasjonar. Det eg seier må eg kunne stå inne for. Eg har ei subjektiv interesse å finne ut meir om korleis andre preiker i desse gravferdene. Eg er overtydd om at det vil være viktig for prestar å reflektere i lag om det å ha slike gravferder og kva innhald det skal vere i preikene.
- Relevans – kvifor er oppgåva viktig. I mine søk har eg ikkje funne forskning retta særskilt mot innhaldet i preiker etter «vond og brå død». Derfor kan denne oppgåva

være nyttig, der den analyserar eit lite utval av slike preiker. Det vil være nyttig å finne ut om der er særskilte tema som går att i preikene, og er der tema som ein ser ikkje er arbeidd nok med.

Om oppgåva kan føre til diskusjon og refleksjon om slike preiker mellom prestar vil det vere nyttig for den einskilde presten si teneste, og korleis dei som er råka vert møtt både før og under gravferda. Oppgåva kan og føre til ein diskusjon om kva gravferdsboka seier i innleiinga om forkynninga er dekkande i slike gravferdspreiker.

- Validitet – kva seier funna noko om. Eg meiner at utvalet av prestar representerer prestane i bispedømet på ein god måte. Når der er preiker etter både sjølv mord, ulykke og sjukdom, så dekker det mykje av dødsfalla som eg tenker fell inn under nemninga «vond og brå død». Samstundes trengst det meir forskning om ein skal kunne sei noko meir eintydig om kva prestane i heile Den norske Kyrkja forkynner i slike gravferder. Men når eit av måla er refleksjon over eiga praksis kan innhaldet i oppgåva vere til hjelp meiner eg.

Ei utfordring med validiteten er om eg har forstått preikene korrekt når eg berre har hatt manuskriptet. Framføringa av preikene har mykje å sei, og eit spørsmålet er om prestane heldt seg til manuskriptet. Dette kan òg vere ei feilkjelde – samstundes som eg trur at mykje av det dei meiner og vil ha fram finn eg i manuskripta.

Kirsti Malterud meiner at «forskningen skal ikke bare vært utført korrekt, men også lede fram til kunnskap som kan utgjøre en forskjell.» (Malterud 2011, s 11) Om studien, og arbeidet med oppgåva blant prestar kan føre til at dei vert betre i stand til å stå fram med ein klar bodskap under slike gravferder vil oppgåva fylla krava som Malterud stiller.

3.2 Analysemetode

Eg har gjort analysen ved å følgje stega for Interpretative Phenomenological Analysis (IPA) som beskrive av Pietkiewicz & Smith (2014). IPA er opphavelig ein metode for å utforske korleis einskildpersonar gjev mening til eigne livserfaringar. Få deltakarar og nitidig analysearbeid er vanleg i studier som nyttar denne analysemetoden. Den tek utgangspunkt i intervju av deltakarane, men eg finn at den òg gjev god hjelp til rein tekstanalyse. Den gjev tydelege anbefalingar om korleis ein skal utføre analysen. Analysen skal gjerast ved å sjå kvar einskilde tekst for seg, for så i neste omgang å leite etter tema på tvers av tekstane. Det er eit mål å la kvar deltakar komme til sin rett (Pietkiewicz & Smith, 2014 s 9) , og difor er det anbefalt å ha små utval.

Metoden legg vekt på å vera tett på tekstane som skal analyserast. Ein skal så langt som mogleg «ta på seg deltakarane sine sko» (Pietkiewicz & Smith, 2014 s 11), samstundes som den som analyserer skal tolke ved hjelp av omgrep og teoriar som han eller ho finn nyttige for å bringe fram svar på forskingsspørsmåla. Dette er ei god tilnærming i og med at eg sjølv har erfaring med å vera i prestane sine sko – og gjennom arbeidet med masteroppgåva har jobba med litteratur og teori som er til hjelp i analysen.

IPA har desse tre fleksible stega som ein skal bruke i analysearbeidet:

- Gjentatte gjennomlesninger av empirien der ein skriv notat i margen i form av stikkord og spørsmål som kjem opp i lesinga.
- Omarbeiding av notata og sjå etter tema i kvar av tekstane.
- Sjå etter samanhengar og felles tema på tvers av tekstane.

3.2 Utval og empiri

Pietkiewicz & Smith, (2014) skriv av 6 til 8 deltakarar kan vera greitt av di ein då får høve til å sjå likskapar og skilnadar på tvers av deltakarane, samstundes som datamengda ikkje blir alt for stor. Det er viktig å vera medviten vala ein gjer i utvalsprosessen.

Det viktigaste utvalskriteriet i dette tilfelle var å ha med både kvinner og menn, og variasjon i alder. Det var også eit krav at preikene hadde vore brukt i gravferder i løpet av dei siste to åra. Tre av dei eg spurde visste eg at nyleg hadde hatt ei gravferd som ville passe inn i min empiri. Dei tre andre spurde eg for å få ein høveleg spreiding når det gjeld alder og kjønn. Utvalet består av preiker laga av seks prestar i alder 35 – 50+, to kvinner og fire menn. Utdanningsinstitusjon og teologisk ståstad i ulike spørsmål var ikkje eit kriterium eg spurde etter. Eg trur at utvalet gjev eit bra tverrsnitt av prestane i bispedømmet, det einaste måtte vere at der ikkje er med ein prest over 60 år etter som dei utgjer ei stor gruppe av prestane.

Fem av preikene er heile manuskript, medan ei eit utførleg tankekart som er tydeleg i høve til kva teologisk innhald presten vil ha fram. Når eg presenterer eit samandrag av dei seks preikene søker eg å syne:

- Bibeltekstane som vert brukte
- Kva bilete bruker presten
- Kva syn på mennesket som kjem fram
- Kva vert sagt om avdøde, og dødsfallet.

- Kva vert sagt om Jesus, og Jesu død og oppstode
- Kva seies om oppstode og evig liv

3.3 Forskningsetikk

Etter søknad til EVU, Etter- og Videreutdanningsutvalet i bispedømmet fekk eg to månaders studiepermisjon med løn for å arbeide med oppgåva. Eg informerte prestane grundig om hensikta med oppgåva og korleis eg ville nytte preikene.

I dei forskningsetiske retningslinjene legg dei stor vekt på omsynet til sårbare personar og grupper. Dette har eg forsøkt gjort i mi oppgåve ved å anonymisera prestane og avdøde der dei var nemnde i preikene. Fakta om dødsfalla er ikkje tekne med. Det skal vere så vanskeleg som råd å kjenne att nokon av dei døde eller deira familiar.

3.4 Analysearbeidet

Eg byrja analysearbeidet med å lesa gjennom tekstane mange gonger (Pietkiewicz & Smith, 2014) og prøve å komme «under huda» på kva i mitt tilfelle er innhaldet i den einskilde preika. Eg noterte moment som eg tenkte var vesentlege i teksten. Eg hadde i første omgang med meg teologiske tema frå Leer-Salvesen (2011) (sjå pkt 2.4.1.-2.4.7.) då eg byrja å notere moment frå preikene. Eg noterte kva kvar einskild hadde med om teologiske moment på ei stor plansje, tema som t.d. «Gud som skapar». Eg vart då klar over at det var andre ting i preikene som ikkje kom med, så eg gav plass i systemet for ting som var spesielle eller unike i dei einskilde preikene.

For å la kvar preik komme til sin rett (Pietkiewicz & Smith, 2014), skreiv eg eit samandrag av dei ulike preikene. Dette var steg to i analysen med omarbeiding av notata, og hovudtema i dei einskilde preikene kom fram uavhengig av dei teologiske tema eg starta med. Samandrag av preikene er presentert i pkt. 4.1.

Eg var då klar for å sjå etter samanhengar og tema på tvers av preikene (Pietkiewicz & Smith, 2014). Eg fann ein rik variasjon i bruk av språk og bilde i tekstane, men samstundes ei forbausande lik oppbygning av budskapen. Dei gjekk inn i lidinga og mørkret rundt dødsfallet, vidare Gud sitt «tilsvar», som gav grunnlag for det håpet dei alle løfter fram. Den rike variasjonen kjem fram i presentasjonen av preikene (pkt 3.4). Tema som kom fram i analysen var: «Inn i mørkret og lidinga»; «Stadfesting av mennesket sitt verde»; «Gud er i lidinga og i mørkret» og «Gud gjev håp».

Desse tema blir presentert med to utgangspunkt – ein del med fokus på innhaldet i preikene (pkt 4.2.), og ein del med fokus på bruk av innhaldet (pkt 4.3.).

Når eg ser på korleis innhaldet vert brukt i preikene vil eg bruke Løgstrup sitt omgrep «Den etiske fordringa», om å ha noko av min neste sitt liv i mine hender som tolkningsramme. Eg prøver å hente fram kva som er av teologisk, læremessig karakter og kva er av sjelesørgerisk karakter. Korleis er preikene teikn på at presten bærer noko av nesten sitt liv i sine armer – og formidlar deira nød og smerte til Gud – samstundes som dei kjem med Gud sine ord til dei?

3.5 Metodologiske refleksjonar

Di meir eg arbeidde med oppgåva kjente eg på kor mykje der er som eg ikkje veit; eg har ikkje fått vite korleis prestane har tenkt, har ikkje vært til stades under gravferda og høyrte preikene forkynt med kvar dei legg trykket i dei ulike setningane, fått prata med nokre som var i gravferda korleis dei opplevde den. Men då hadde eg vore langt inne i eit doktorgradsarbeid – som eg vonar nokon annan vil gå i gang med! Men når målet med oppgåva er å bidra til refleksjon og samtale over slike gravferder, meiner eg at metoden eg nyttar og materialet som eg har fått tilgang til kan bidra til det.

I ei vanleg gudsteneste er det ofte stor sprik i motivasjonen til kvifor nokon er til stades. Dåpsfamilien er naturleg nok mest oppteken av dåpen og om dåpsbarnet skrik eller er «snill» gjennom seremonien. Medan der er dei som har gått i kyrkja alltid og gler seg til preika, medan andre likar salmane og konfirmantane lurar på når det heile er over. I ei gravferd etter «vond og brå død» er det mi erfaring at alle som til stades kjenner seg råka og har interesse av det som skjer i gravferda. Konteksten for gravferda er eit spesielt dødsfall som gjer at fokus vert spissa, her er alle av same grunn.

Det som gjer analysen vanskeleg er alt det som ikkje er sagt i ei slik preike. Kva tek prestane som gitt at dei sørgande har av kunnskap til Bibelen og kristen tru? Kva tankar og kunnskap har dei sørgande om kristen tru - er Jesus for dei «spesielt truande»? Det kan vere lett å trå feil når ein skal tolke teksten og ein ikkje har vore til stades og fått med seg heile gravferda. Men eg trur at hovudfunna er ei rimeleg tolking av tekstane.

4 Funn

Alle prestane vidarefører det «vi-et» som gravferdsliturgien startar med; «Vi er samla her for å ta avskil med...» og bruker «vi» i større eller mindre grad i preikene. Dei vender seg til alle som er til stades og reknar seg sjølve med blant dei. Dei reknar med at alle er djupt råka av dødsfallet. Dette er ord til alle. Dei næraste pårørande vert nemnde i to av preikene, men innhaldet vidare er for alle. Ein prest bruker og du/deg i ein del av preika. Prestane «bærer» forsamlinga med seg inn i preikene.

Etter å ha arbeidd med preikene over tid så finn eg at dei har nokså lik disposisjon, sjølv om dei er veldig ulike. Med ulik bruk av bibeltekstar, bilete og symbolbruk, er dei likevel forbausande like i disposisjon og innhald. Då eg laga eit samandrag av forkynninga så fann eg at den lettast kunne samlast under desse tema:

- Situasjonen. Det tragiske dødsfallet og korleis dei råka sit att med ulike kjensler.
- Svaret frå Gud:
 1. Stadfester mennesket sitt verde.
 2. Gud er i lidinga
 3. Gud gjev håp. Ulike håp i møte med døden, deriblant oppstode og evig liv.

I det følgande vil eg gå inn i funna i den disposisjonen eg har funne. Sitat frå preikene er gjort med henvisningar frå P1 til P6.

4.1 Samandrag av preikene.

4.1.1 Preike 1

Presten nyttar eit «tankekart» der preika er disponert med stikkord og setningar om kva han skulle forkynne. Det er ganske detaljert og gjev eit godt innblikk i kva som vart innhaldet i preika. Så er der fleire detaljar som kunne vorte klarare om ein hadde den haldne preika, men det gjeld òg for dei preikene me har heile manus til.

Presten vender seg til alle som er til stades med eit inkluderande «vi» gjennom heile preika. Går ut frå at alle kjenner seg sterkt råka av dødsfallet. Presten går rett inn i lidinga med alle mulige ulike kjensler dei sørgande kan sitje med og bær med dette forsamlinga inn i lidinga. Stiller seg midt i kyrkjelyden og talar til Gud – og talar frå Gud, når han tek dei med inn i lidinga og seinare syner håpet vi har i ein Gud som aldri forlet oss.

«Herren kjenner oss» er overskrift over det heile og presten brukar Sal 139 som grunnlag for sin forkynning. Det er grunnleggjande trygt og godt at Gud kjenner oss – alt om oss. Han viser til at Jesus aldri brukte sin kunnskap negativt, for å dømme. Men han visste og han tålte. Mennesket er skapt i Gud sitt bilete, og vi likner på han. Han endar med å sitere Heb 13,5 «Jeg svikter deg ikke og forlater deg ikke».

Presten bruker «Gud» i sine titler på underpunkter. Det synes å være bevisst. Men kan skifte til «Jesus» i neste linje uten grunngeving. Bruken av «Gud» og «Jesus» synes å være tilfeldig, eller uttrykk for ein tanke om einskap i guddommen. Det kan òg være at i ei slik gravferd, overfor dei sørgjande så er den teologiske unøyaktigheita lite viktig.

Jesu død og oppstode nemnes ikkje, ei heller vår oppstode og evig liv. Samstundes skin det igjennom at mennesket har grunn for ei sterk von i møte med døden grunna Gud sin kjærleik, nåde og omtanke for oss. Her er det viktig å minne om at vi ikkje har heile manus og veit ikkje alt som vart sagt. Denne nåden kan synast å ikkje vere avhengig av vår tru.

4.1.2 Preike 2

Grunna avdødes nære forhold til jula, så las presten frå Juleevangeliet. Den vert innleiinga der avdøde vert presentert og at dødsfallet var brått og uventa. Det kan føre til at mange sit igjen med viktige spørsmål rundt døden; Kva er døden, kva skjer nå, kvar er avdøde?

Sommarfuglen, med sin utvikling frå larve, via puppe, til forvandlinga til flott sommarfugl nyttar presten for å «svare» på spørsmåla. Larven er mennesket i sitt jordiske liv. Puppen er «dødsriket», kapsla inn i noko som kan likne ei kiste. Kan synes å være fortapt, men endres/oppstår som vakker sommerfugl. Brukes som bilete på vår oppstode og eit fullkomme liv hos Gud.

Det er ei kort preike med ei sentral forteljing. Oppstoda vert vår gjennom Jesu fødsel – Jul, og påska si forteljing om Jesus som vann over døden. «Dette får vi lene oss til i møte med døden.» Det er ei universell håpsforkynning der vår tru ikkje vert nevnt som grunn/del for vårt håp, om ikkje ein vel å tolke «lene seg til» som uttrykk for noko som kvar og ein må ta stilling til.

Presten reknar med at alle har vært nære til avdøde, og nyttar «vi» - preika gjeld oss alle. Er direkte på at «dere» sit igjen med mange ulike kjensler og tankar i møte med dødsfallet. Svarar gjennom å vise til jula og påska sine hendingar som legg grunnlaget for vårt håp at avdøde skal stå opp – som sommarfuglen slår ut vengene.

4.1.3 Preike 3

Presten tek utgangspunkt i leseteksten i gravferdsliturgien frå Fork 3. Brukar teksten til å syne at mennesket, og vår oppleving av livet kanskje ikkje er så ulik tida for vel 2000 år sidan då dei vart skrivne ned. Òg dei vonde tidene i møte med døden. Presten fører så dei sørgande inn i smerten når «livet sjølv velger veien» og vi vert hjelpelause.

Gud presenteres som mennesket sin skapar og han kjenner kvar einskild av oss. Gud frå eve kom til jorda i Jesus, og gjennom Jesu liding, død og oppstode har me von om oppstode og evig liv. Jesus reparerte forholdet mellom menneske og Gud. Håpet er eit evig liv, der vi og får møte våre kjære igjen. Det er eit universielt håp der alle er inkludert kan det sjå ut til.

Gud kjenner oss og våre liv. Han går ved vår side. «Også når dette livet slipper taket». I møte med døden er me ikkje åleine.

Avdøde eller pårørande vert ikkje nemnde spesielt. Samstundes som alle vert inkluderte i kva eit menneske er, og for kven håpet i Kristus gjeld. I kva grad dei sørgande vil kjenne seg borne fram for Gud er vanskeleg å vurdere. Mykje vil avhenge korleis relasjonen mellom dei pårørande og presten var i samtalene som førte fram til gravferda. Og korleis framføringa av preika var ein del av heilskapen i gravferda med alle sine ledd er. Men avslutninga av preika er ein tydeleg bodskap til alle som er samla, der «vi» vert nytta som mottakarar av håpet vi har i Gud sin kjærleik.

4.1.4 Preike 4

Presten starter med å fortelje om sorg, kva det er og at der er ulike måtar å oppleve sorg og reagere på den. Sorg etter sjølv mord er spesiell. Han vender seg her til dei næraste.

Bruker så Sal 88 til å sei noko om kor mørkt livet kan vere, men at dette kan me slynge mot Gud. Det er ei bøn, full av mennesket si liding og mørke – og det toler Gud.

Bruker deretter teksten frå Matt 22, bildet om kven som er avbilda på mynten, til å seia at Gud sitt andlet er prega i kvart menneske. Alle høyrer Gud til. Vår verde er forankra i Gud. Jesu død og oppstode er det som tel – ikkje våre sigrar eller nederlag.

Sluttar med at me går ut med velsigninga. Gud sitt gode andlet, det kjærlege blikket ser oss og vil vere med oss. Sjølv om det nå ikkje verkar slik. Ta med Gud sin nåde når dei skal gå vidare.

Presten vender seg til dei sørgande som ein heilskap. Nevner avdøde ein gang – som skapt i Guds bilde. Men gjer det klart at sorga rammer hardt ved eit sjølv-mord, slik sett er dei som stod nærast avdøde «sett» i preika. Presten bær alle med seg gjennom preika. Både i klagan og i budskapet presten kjem med frå Gud.

4.1.5 Preike 5

Her kjenner presten avdøde. Han bruker tid på å sei noko om den vonde situasjonen familien og dei mange råka er i. Sal 121,1-2 blir utgangspunktet om at vi i denne tragedien skal søke Gud for omsorg og trøyst. For som menneske slepp vi ikkje unna liding og død. Familien og dei råka er i fokus heile preika. Avdøde vert det og fortalt litt om.

Han som NN ble døypt til er sterkare enn døden. Han er det godt å vere hos. Å dra til Jesus er ikkje eit tap. Herren er med oss, han gråter med oss, eller gleder seg med oss. Frelsa er for den som er døypt og trur – fortaping for dei andre. Her er håpet om evig liv eksklusivt for kristne.

Presten held fram med at Gud er med oss i vår sorg og liding. Han har omsorg for oss. Heile preika er nært knytt opp til avdøde og dei pårørande. Dei er i fokus med deira liding – og med budskapet frå Gud. Det er tydeleg at presten har vore nær familien og kjenner deira sorg og smerte. Samstundes som han ser kva dette har gjort i lokalsamfunnet, av støtta dei næraste har fått og av korleis mange kjenner seg råka.

Dette er einaste preika der Heilaganden er nemnd, i ein setning – rollen er å bringe til tru og bringe trygt fram til himmelen.

4.1.6 Preike 6

Regnbogen er det sentrale symbolet/biletet i preika. Minner om at der er framtid og håp. Men regnbogen kan av og til vere vanskeleg å sjå. Livet kan verte mørkt. Etter dødsfallet kan ein kjenne på sorg og sagn, mange ulike kjensler. Som ein mørk himmel utan regnboge - utan lys og håp. Men regnbogen er der i dei gode dagane fylte av liv, fellesskap og glede.

Presten nyttar så forteljinga om den blinde Bartimeus, gjenfortel teksten utan å lese den. Syner Bartimeus som eksempel på ein av dei mange i Bibelen som roper til Gud, som håper at nokon tek imot dei. Det vert eit bilete på korleis vi kan rope til Gud i vår naud. Og Jesus tek imot Bartimeus med «opne armar og eit varmt hjarte». Presten nyttar dette som eit bilete på korleis Gud tek imot oss, med «opne armar og eit varmt hjarte», med dei vala vi tek, òg når vi vel å gå ut av livet.

Regnbogen brukes så som symbolet på at døden aldri er det siste. Kjærleiken er størst av alt og livet er sterkere enn døden. Gud held oss i si hand inn i evigheten. Håpsforkynninga er universell kan det sjå ut til. Vår tru vert ikkje tatt opp.

Presten ynskjer å gå nær familien og dei sørgande via sorga og smerten. Kjem dei så i møte med Gud sitt svar. Gud har nåde. Opne armar og eit varmt hjarte.

4.2 Resultat av tematisk analyse

4.2.1 Situasjonen

Preikene startar med eit unnatak, med å bære tilhøyrarane ned i det vonde, mørket, smerten som dødsfallet har brakt dei inn i. «Vi er midt i sorgens dal» (P5), eller «Dette er helt grusomt» (P1), og presten held her fram at det gjeld foreldre, familie, vener, og presten sjølv. P6 tek utgangspunkt i regnbogen som til vanleg skin i fine fargar og «minner oss om at der er ein framtid:

Når ein som NN går ut av livet, så finner vi ikke gode svar, men vi sitter igjen med spørsmål, smerte, sorg og savn og dette ropet. For livet er så skjørt av og til. Det blir ikke slik vi håpet og ønsket. Som en mørk himmel uten regnbue, stjerner, lys og håp. (P6).

I desse innleiingane kan ein meir enn ane noko av dramatikken som ligg bak og smerten som dei som er til stades ber på.

Preikene formidlar at her er mange som kjenner på ulike kjensler av sorg, sinne og maktesløyse, og kan sitje att med mange spørsmål dei ikkje finn svar på. «Og dere sitter igjen med et virvar av følelser og tanker, og gjerne også de store spørsmålene» (P2). Presten prøver ikkje å svare, men anerkjenner at i forsamlinga kan fleire sitte med mange ulike kjensler og gjev rom for at slik er det.

Presten i P4 innleier med nokre tankar om kva sorg er og gjer med oss.

Storm og stille, plutselig kan det velte over en. Da kommer det som følger med: Sorg er savn, tårer, latter. Sorg er sinne, masse spørsmål og dessverre ikke alltid så gode svar. Sorg etter selvmord er spesiell – Ta vare på hverandre og vær klar over at hver trenger sin måte å leve i sorg.

Her er ikkje same dramatikken som i nokre andre kan det synast, men presten tek kjenslene til dei sørgande på alvor.

«Ettersom vi beveger oss gjennom livet tar vi valg og vi lager oss en vei. Så finnes det tider da valget blir tatt ifra oss, da kan vi føle oss hjelpeløse – når livet selv velger veien.» P3. Her har presten tatt veien via skriftlesinga fra Fork 3 og at den verda som vart teikna der kan vi menneske kjenne oss att i nå fleire tusen år seinare.

Scena er på ein måte satt, på ulik vis i dei ulike preikene. Her tek dei kjenslene og situasjonen på alvor. Det vonde og vanskelege er satt ord på, på ulik vis.

- Mørket, smerten til den som tok sitt liv, 3 personer
- I tragedien da livet brått tok slutt for avdøde. 3 personer

4.2.2 Stadfester mennesket sitt verde

Alle preikene seier noko om menneskelivet, på godt og vondt, i glede og sorg. Dei ønsker å stadfeste mennesket sitt verde, som mange menneske slit med å sjå. Særleg etter sjølv mord kan det synast viktig.

I 4 av 6 preiker vert det direkte sagt at mennesket er skapt av Gud. I alle er det tydeleg at mennesket høyrer Gud til og at Gud vil det beste for mennesket.

- Skapt i Guds bilde, elsket, ønsket, formet. (P1)
- Mennesket liknar Gud, er ikkje feil. (P1)
- prega av Gud (lik ein mynt). «Hans ansikt er prega i deg, på same måten som mynten. Det kan ingen ta ifra deg.» (P4)
- «Gud som har skapt oss og som kjenner oss er også med oss til alle tider.» (P3)
- P6 taler om at Gud er den som gav oss det naturlege livet og held det oppe i oss.

Å vere skapt i Guds bilete er positivt, me er ønska av Gud.

For regnbuen er der i fellesskapet, gode øyeblikk og gode minner, musikken og sangen. Regnbuen er der når du møtes av et varmt smil, en god bamseklem, eller mellom mennesker som ser hverandre, hjelper hverandre og følger hverandre videre på vandringen i livet. (P6)

Å vere skapt i Gud sitt bilete er ikkje berre eit gode, men gjev oss og ein retning i livet. Å sjå vår neste, familie og vener og vere der for dei. «Ta vare på hverandre».(P4) «Vi er kalt av

Jesus til å gjøre som han. Se hverandre, bry oss, hjelpe, løfte, bære om nødvendig, dele det som er vondt.» (P1) P2 forteller om verdiene NN hadde hatt og som dei hadde delt i minneordene og i P5 er presten stolt av lokalsamfunnet som har stilt opp rundt avdødes familie.

P3 har ikkje fokus på avdøde sitt liv i preika eller liv i fellesskap med kvarandre utan det som kjem fram frå teksten om ulike tider for glede og sorg.

Mennesket kan brukes av Gud i teneste for sin neste. I å skape gode fellesskap, ta vare på kvarandre. Denne rolla vert nemnd kort i fleire av preikene. I P5 vert det sagt kor viktig lokalsamfunnet har vore då dei har stilt opp for avdøde sin familie. «Historien om våre liv må være; vi gir hverandre håp» P6, det er vår oppgave i dag. P1 er den einaste som går direkte inn i oppgåva vi har som menneske til å skape gode samfunn for alle, stoppe mobbing, skape rettferd. Men òg i denne preika synes vekta å ligge i den tragiske situasjonen og gje håp til dei som er att.

Det er dei aktuelle dødsfalla som er rammen og utgangspunkt for våre oppgaver nå.

4.2.3 Gud er i lidinga.

- Gud held oss og i det vonde mennesket opplever.
- Gud har sjølve, gjennom Jesus vært i lidinga.

Fleire av preikene seier noko om det mørkret og einsemda mennesket kan oppleve i si lidning. Særleg dei som er haldne etter sjølv mord. Men «mørkret er ikkje mørkt for Gud» (P1), eller «Han går ved vår side. Og han er saman med oss også når dette livet slepper taket» (P3). Vi er ikkje aleine i vår lidning sjølv om mange kan oppleve det slik.

«Som mennesker slipper vi heller ikke unna lidelser og død, men vi har en som har lovet å være med oss og en som har vært der før oss. Han hjelper oss til å møte de utfordringer som livet gir. Han gråter med oss når vi har det vondt og gleder seg med oss når livet smiler oss i møte». (P6)

Ein av overskriftene i tankekartet i P1 er «Gud lider med oss» (P1). Underpunkt er at Jesus var hos NN dødsdagen, er hos alle som lid, og hos dei sørgande i dag. P4 talar om at me kan slynge alle våre klager, smerte, mørke til Gud – han tåler det.

P6 nytter fortellinga om den blinde Bartimeus som ropa på miskunn då han hørde Jesus gjekk forbi, for å syna at Gud møter oss i vår smerte, i vår lidning. Gud er ikkje redd vår lidning,

reknar det ikkje som vår eiga feil. Jødane tenkte at ein sjølv må vera skuld i det vonde som skjer. Læresveinane spurde Jesus ein gong, om kven som hadde synda, då dei møtte ein mann som var fødd blind, Joh 9,1-3. Jesus vil ikkje gå den vegen, og svarar dei at her er ein moglegheit til å syna miskunn – og lækjer mannen.

Preikene er i same spor der dei taler ikkje om årsaka til lidinga, men at Gud er i lidinga saman med oss.

P3 taler om Jesus som vart ein del av den verda han hadde skapt, kjente på livet, gleda og smerta som ein møter, og at Jesus døde. P6 skriver at Jesus har vært i lidinga før oss. Gud framstillast som ein som har kjent kva liding er sjølv. Han har vært der før oss og for oss.

Lidinga og Gud i lidinga er hovudfokus i desse preikene. Kontrasten er stor til dei preikene eg sjølv held ved gravferder der avdøde har hatt eit langt og godt liv. Fokus vert snevra inn og ein ser klart kva preika må «svare» på.

4.2.4 Gud gir håp

«Håp» er det sentrale tema i alle preikene. Dei fører fram og vil etterlate dei sørgande med håp når dei forlet kyrkja eller gravkapellet. Dei ser framover og vil løfte blikket slik at ein kan sjå meir enn berre mørkret. Eg vil først sjå på kva dei einskilde preikene seier om grunnlaget for vårt håp, og dernest sjå på kva slag håp som vert forkynt. Kva slag dennesidig håp er der for dei som sit att no, og kva seier preikene om eit håp om oppstode og evig liv.

Ramma for gravferda er trua på ei oppstode, jfr orda som lyder ved jordpåkastinga. Joh 3,16 skal lesast som opningsord i kvar gravferd. Kva prestane har gjort i sine gravferder som eg arbeider med veit eg ikkje. Eg vil syna kva dei seier i preikene og vurdere dei utsegnene for seg om kven som «håpet» rettar seg mot. Då dette ikkje er teologiske avhandlingar er det uråd å seie kategorisk om kven som meiner kva.

Eg vil nytte omgrepa «generelt håp» og «spesielt håp» frå innleiinga om håp og i tråd med dette sjå kva slag former for håp dei ulike preikene inneheld.

P1 med sitt tankekart/sine stikkord har «Gud forlater oss ikke» som siste punkt. Underpunkta her er; »Gud er her. Han lytter.» Saman med det som vart sagt om at Jesus var med avdøde da NN døde, kva slag håp gjev det for avdøde? Tenker presten på eit generelt håp om liv etter døden, eller eit spesielt håp om at Gud var nær avdøde i det aller mørkaste? Det er ikkje rå å

vite ut frå tankekartet, men det er tydeleg at presten vil ha fram at i møte med døden så er Gud nær oss.

Presten går vidare og seier at Gud er hos oss i dag. Saman med det som kanskje er mest retta mot avdøde gjev dette eit grunnlag for dei sørgande til å gå vidare i livet. Det kan sjå ut til at det er eit spesielt, dennesidig håp som er sterkast i fokus i denne preika heller enn eit evig liv. Dømet om at Jesus kjente alt om folk og nytta kjennskapen til det gode, er òg ord som kan gje trøyst og håp for dei sørgande.

«Eg svikter deg ikkje og forlater deg ikkje» Heb 13,5» (P1), er siste punkt i preika. Kva retning forkynninga her tok er vanskeleg å sei. Gjaldt det frelse for avdøde eller er det at Gud er med dei sørgande i tida framover? Tanken om at denne teksten er med å gje håp er klar, korleis veit me ikkje.

Grunnlaget for håpet ligg hos Gud, korleis Gud er. Mennesket er skapt av Gud, elska, ønska. I tankekartet er krosshendinga ikkje nemnt som grunnlag for håpet.

Sommarfuglen sin forvandling frå ei tilsynelatande «livlaus» puppe, som kan minne om ei kiste, til ein vakker sommarfugl nyttar P2 som bilete på kva som ventar på oss menneske i oppstoda. Denne endringa i sommarfuglen skjønar vi ikkje heilt korleis skjer. «Som sommerfugl har den nådd det den var tenkt å være, den strever ikke lenger med tung kravling, men kan spreie vingene sine, kan fly dit den vil, vakrere enn noen gang!» «Nå skal NN få hvile i Guds hender, og vi håper og tror at hun skal stå opp igjen, som sommerfuglen.» (P2). Her er mykje av håpet knytta til at NN skal stå opp til evig liv. Eit slikt generelt håp kan òg gje trøyst og håp til dei som er attende.

Grunngjevinga for dette sterke og vakre håpet om ei oppstode er i P2 «at vi feirer jul fordi Gud kom til oss ved det lille Jesus-barnet, og at vi feirer påske fordi Jesus vant over døden.» (P2) «Vi får lene oss til («dette», manglar i manus) i møte med døden.» (P2). Her kjem trua inn i biletet. Om dette håpet er eksklusivt for dei som trur på Jesus, vert ikkje sagt. Men gleda avdøde hadde hatt i julefeiringa kan tolkast som at presten meiner at hos NN var der ei Jesustru.

Setninga «Vi får lene oss til i møte med døden.» hos P2 kan tolkast ulikt. Meiner presten at der er eit generelt håp om evig liv for den einskilde i møte med sin eiga død, eller er der eit spesielt håp for dei sørgande i møtet med døden til avdøde. At dei i deira sorg og smerte kan

lene seg til Jesu fødsel og oppstode. Presten går vidare med det eg tenker er eit generelt håp for avdøde: «Første etappe er over for NN. Nå skal hun få hvile i Guds hender, og vi håper og tror at hun skal stå opp igjen, som sommerfuglen» P2. Samstundes kan dei sørgande lene seg mot Jesu fødsel og oppstode i møte med døden til NN. Det vert eit spesielt håp for dei i denne tida. Trua på eit generelt håp om evig liv for avdøde vert eit spesielt håp for dei sørgande.

Det er det kristne håpet. Et håp om at vi skal få møte Gud, og få møte igjen de av våre kjære som ikkje lenger er på denne jorden. Et håp om å være sammen. Et håp om å bli reparert. Jesus strekker sine armer mot oss, og ber oss følge ham. Han vil også lede oss gjennom døden, han gir oss et håp om en evighet samenn med ham. En evighet der hans lys skal skinne over oss, der det ikke finnes sorg eller savn eller farer. En evighet i Guds kjærlighet. (P3)

Her er eit sterkt generelt håp som knytta til æva, ei æve i lag med Gud.

Setninga om at Jesus strekker ut sine armer og ber oss følge ham kan tolkast som om presten kjem med eit ynskje frå Jesus om at vi skal tru på han. Om dette håpet som vert teikna er eksklusivt for dei som trur, er ikkje lett å avgjere. Det vert uansett ikkje sagt noko om dei som eventuelt ikkje trur.

Grunnlaget for håpet ligg hos Gud, «som har skapt oss og kjenner oss». (P3). Så kjem ei kort og rik forteljing om Jesus, frå inkarnasjonen og til krosshendinga, som syner at kjærleiken er sterkare enn døden. Vårt håp er grunnfesta i krosshendinga. Denne Jesus som går ved vår side og er med oss i vårt møte med døden. Om fokus er på det eskjatologiske håpet, er det godt for mennesket å vite at Jesus er med oss også i dette livet og gir oss eit spesielt håp i møte med døden.

Hos P4 er det fleire moment som vert trekte fram som kan gje oss håp.

- Vi får lov til å rope ut vår klage, i vårt mørke til Gud.
- Guds bilde er prega i oss, som på ein mynt, då vi vart skapte i hans bilete. Det kan ingen ta ifrå oss.
- «Jesu død og oppstandelse er det som tel, ikkje våre eigne sigrar eller nederlag.» (P4)
- Rom 8, 38-39 vert sitert som er ei sterk understreking av at ingen ting kan skilja oss frå Guds kjærleik.
- Velsigninga. «Guds gode ansikt, det kjærlege blikket, ser oss og vil vera med oss.»
- Guds nåde, om å få ein ny start

Mennesket får verde av å vere skapt i Guds bilete, velsigninga lyder med i livet, vi får gå med nåde, og ingen ting kan skilje oss frå Guds kjærleik. Her er spesielle håp for livet, i møte med sorg og smerte og mørke, i vår vandring vidare i livet. Hovudvekta av håpsforkynninga kan synast å ha fokus på livet til dei som att. Dette håpet gjeld òg i møte med eiga død.

Æva vert ikkje nemnd direkte. Men med orda om at ikkje eingong døden kan skilja oss frå Guds kjærleik og orda som lyder ved jordpåkastinga så er det rimeleg å tolke orda som eit generelt håp om oppstode og eit evig liv.

Grunnlaget ligg i Gud sin kjærleik, og særleg Jesu død og oppstode. Det er tydeleg at presten reknar med at tilhøyrarane kjenner til krosshendinga og sentrale deler av kristendommen. Mennesket si tru vert ikkje etterspurd, vår tilslutning til innhaldet i forkynninga ikkje diskutert.

I denne preika 5 finn vi håp og trøyst for dei etterlatne i deira sorg og smerte, og ei sterk forkynning av eit generelt håp om eit evig liv for dei som trur.

- «Min hjelp kommer frå Herren. Sal 121,2», det gjeld å søke han som skapte oss og lytte til hans ord ved dette tragiske dødsfallet.
- Dåpsteksten frå Mark 10 som lydte ved dåpen til NN, gjev håp til dei som sit att. Å vere hjå Jesus er ikkje tap men vinning.
- Han som NN tilhøyrar og er døypt til vant over døden, det er Jesus.
- Håpet vi har i æva er større enn vår smerte her i livet.
- Ved to skriftsteder, frå Fil 1,6 og 1Kor.1,8 viser han at Gud er med oss og «styrker og bevarer oss inntil enden». Det syner eit spesielt håp for kvardagen vidare.
- «det finnes ikkje ett menneske som Kristus ikkje døde for». Dette er til håp for dei som trur. Håpet om evig liv er for dei som trur, utan at P5 utbroderer fortapelsen.
- «La oss sette vårt håp til han som er oppstandelsen og livet fordi han som tror på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (P5)

Håpet for avdøde er at NN er hos Gud nå – eit evig liv med Gud. Dette evige livet vert det ikkje sagt nærare korleis er, men å vere hos Jesu er vinning.

Inn i det tragiske som har skjedd vert det forkynt eit spesielt håp om at Gud skal vere med dei sørgande vidare. Han er den ein skal søke for trøyst og håp. Den måten lokalsamfunnet har stilt opp på er òg ei kjelde til eit spesielt håp for dei sørgande. Det er òg gjennom trua på Gud vi har håp om eit evig liv. Her vert det forkynt fortaping for dei som ikkje trur, utan at det vert

utmåla kva som ligg i det. Det kan synast som presten går ut frå at kyrkjelyden har ein god del kunnskap om kristen tru.

Grunnlaget for håpet ligg i Jesu siger over døden, som er Gud sin veg for å syna sin kjærleik for å frelse menneskja.

I P6 er regnbogen og forteljinga om Bartimeus dei berande tema gjennom heile preika. Sjølv om det kan synast som om mørkret vil rå, så er der ein regnboge, eit teikn på framtid og håp. «Gud satte regnbuen på himmelen som et tegn på fremtid og håp.»

Men det er nettopp Jesus vi skal få rope vårt fortvilte rop til og det er Jesus vi kan forstyrre. Han tåler våre rop, vårt sinne, vår fortvilelse. Og Bartimeus gir seg ikkje, han roper enda en gang. Og han får svar. Jesus kommer han i møte med åpne armer og varmt hjerte. (P6).

Dette er er eit spesielt håp om at Gud er med oss gjennom livet og vi kan «forstyrre» Gud med det mørke som vi måtte møte.

Håpet handler om dette livet, men strekker seg også vidare. Så kommer ein sterk bodskap om eit generelt håp:

At Kjærligheten er størst av alt og at livet er sterkere enn døden. Gud har satt regnbuen på himmelen som et tegn på at der er fremtid og håp. At døden aldri er det siste. At det skinner en himmel over livene våre med stjerner, lys og håp. Et håp som bærer i seg ny start, fremtid og evighet. Vårt håp og vår tro er at vi en dag får se lyset fra Guds ansikt der han venter med åpne armer og et varmt hjerte.» (P6).

Presten inkluderer alle i dette håpet med at det er «vårt håp og vår tro». Som Jesus tok imot Bartimeus vil Gud ta imot oss. Både i møte med det mørke i dette livet, og i møte med døden, «i visshet om at Gud holder oss i sin hånd både nå og for all framtid. Amen» (P6). Dette gjeld både avdøde og dei som sit att.

Korleis dette livet i æva vert, seier presten ikkje noko om, anna at det er i lag med Gud.

Grunnlaget for håpet ligg i Gud sin kjærleik. Her nevnes ikkje Jesu død og oppstode som grunnlag for vårt håp.

4.2.5 Oppsummering Håp

«Gud gir håp» er kanskje den beste oppsummeringa ein kan gje av preikene si forkynning. I den tragedien dei er helde i kan det synast særst viktig for prestane å ha ein tydeleg bodskap om håp. Dei løftar dei sørgjande når dei held fram håpet frå Gud på slutten av preikene.

Håpsforkynninga er sterk og mangesidig. Med ulik fokus og ulike bilete:

- Er fokuset på at Gud var nær avdøde i møte med døden,
- at Gud er med og gjev håp til familie og vener,
- er avdøde hos Gud nå,
- har vi alle eit håp om evig liv – eller er det for dei som trur?

Her er fleire moment i dei einskilde preikene, og fleire kan vere opne for ulike tolkingar.

Fokuset er i hovudsak på dei som sit att som gravferdsliturgien legg opp til, sjølv om avdøde vert teke med i ulik grad.

At grunnlaget ligg hos Gud er tydeleg i alle preikene. 2 av prestane grunnjev håpet i Gud sin kjærleik, utan å ta med krosshendinga. Dei 4 andre har krosshendinga, i ulik form som uttrykk for Gud sin kjærleik og frelsesvilje, og som gjev grunnlaget for vårt håp. Det er naturleg når ein talar inn i ulike tragiske situasjonar at det ikkje kan oppfattas som dogmatisk forelesing. Det viktige synes å vere at det kristne håpet er forankra utanfor mennesket – hos Gud.

Innhaldet i håpet sprikar meir i forkynninga. P1 har eit sterkt dennesidig håp der Gud som har skapt oss, er nær oss gjennom våre liv. P3 skriv at det kristne håpet er å møte våre kjære igjen i himmelen. Her har vi eit generelt, eskjatologisk håp som kan gje håp og trøyst for dei som sit att. Så finn me kanskje dei andre fire ein stad mellom desse. Dette vil eg ta opp nærare i diskusjonen.

Det same vil gjelde om kva rolle den einskilde sin gudstru har i preikene. Det er kun i ei preike at det vert presisert at tru er nødvendig for frelse, og den som ikkje trur vil gå fortapt. Dei andre tek dei sørgande med som truande når dei seier at ein kan lena seg mot, eller direkte at dette er vår tru og vårt håp. Ei preike nemner ikkje vår tru i det heile.

Eg har laga ein tabell for å gje ein oversikt over kva dei ulike seier om håp og korleis dei grunnjev dette håpet. Eg bruker «Generelt håp» om eit håp om eit evig liv, og «spesielt håp» om håp som har med ulike forhold i dette livet å gjera. Grunngevinga er funn i teksten i dei ulike preikene. Det er fleire preiker der det kan vere vanskeleg å avgjøre om det er snakk om

spesielle eller generelle håp. Når presten i P1 siterer Hebr 13,5 om at «Gud svikter og forlater deg ikkje» tenkjer eg at det gjev uttrykk for eit klart spesielt håp. Men kan det samstundes romma eit håp om eit evig liv – at dette varer inn i æva?

Preike	Generelt håp	Spesielt håp	Grunngjeving
P1	Mulig håp om evig liv. (Vanskeleg å vite sikkert når ein ikkje har heile preika).	Jesus er alltid med oss Jesus er med oss i vårt mørke og smerte	Hebr 13,5. Gud svikter og forlater deg ikkje. Jesus er med alle som lid, vi er skapt og elska av Gud. Salme 139
P2	Som sommarfuglen skal vi stå opp til evig liv. Recapitulatio – som fullendt utgåve av oss sjølve.	Håp i møte med døden til NN	Inkarnasjonen og krosshendinga. Vi får lene oss til krosshendinga i møte med døden til NN
P3	«det er det kristne håpet»; møte Gud og våre kjære, være sammen, reparert, en evighet i Guds kjærlighet	Håp i møte med eiga død	Inkarnasjonen og krosshendinga «Han vil lede oss gjennom døden».
P4	Æva. Håp i møte med døden.	Vi har stor verdi som menneske Håp i kvardagen	Rom 8, 38-39. døden kan ikkje skilja oss frå Gud sin kjærleik. Jesu død og oppstode det som tel. Guds bilde er prenta i oss, lik som i ein mynt. Velsigninga
P5	Å være hos Jesus er vinning Æva	Håp om tida for dei næraste Håp i nåverande liding	Krosshendinga Sette vårt håp til han som er oppstoda og livet. Håpet for dei som trur. Støtten frå lokalsamfunnet i kommunen Min hjelp kommer fra Herren, Salme 121. Fil 1,6 om Gud som er med oss til enden.
P6	Æva	I vårt jordiske liv. I vårt jordiske liv	Gud holder oss i sin hånd både nå og for evig tid. Bartimeus som døme for korleis vi kan rope til Gud i vår smerte, og om korleis Gud vil ta imot oss.

4.3 Bruken av innhaldet

Her vil eg syna korleis innhaldet i preikene er nytta under to overskrifter:

- 1 Læremessig/dogmatisk sikte. Kva formidlar dei av lære og korleis grunnjev dei den inn i ein slik spesiell situasjon som slike gravferder er. Det er i korte preiker og ein kan ikkje vente å finna lange utleggingar. Likevel er det viktig å sjå korleis dei grunnjev det som vert sagt i preika.
- 2 Sjelesørgerisk sikte. Det sjelesørgeriske siktet er venteleg viktig i preikene. Korleis innhaldet vert brukt i møte med dei sørgande er ei viktig del av preikene.

Samstundes er det slik at utsegn rike på læremessig innhald ofte vil ha eit sjelesørgerisk sikte. Til dømes er «Jesu død og oppstode» eit sentralt punkt i den kristne læra, samstundes som mykje av det sjelesørgeriske har sitt utgangspunkt i det same.

4.3.1 Situasjonen

Læremessig sikte. Tre av prestane nyttar skriftlesingar i byrjinga av preikene for å seie noko om det dødsfallet dei er samla om. Sjølv om tekstane er skrivne for over 2000 år sidan, så kan ein kjenne att deler av smerten som dei sørgande kan kjenna på nå. Ein prest tek fram kunnskap om sorg og ulike sider ved den. Her er kunnskap om at ein ikkje er åleine med å kjenne på mørke.

Når dei alle 6 stadfester sorg og smerte, mørke og sagn og andre kjensler dei til stades måtte sitta med, så har det eit klart *sjelesørgerisk* sikte. Det er viktig for prestane å ta kjenslene på alvor og syne at det er naturleg og riktig for dei sørgande å vedkjenne seg dei ulike tankane og kjenslene dei kjenner på.

4.3.2 Menneskeverdet

Læremessig sikte. I alle preikene kjem det tydeleg fram at mennesket er skapt av Gud og elska av Gud – med ulike bilete og skriftord. I ein situasjon der kanskje avdøde ved sjølv mord, eller dei som sit att, kan ha kjend på at dei er lite verd, kjem det tydeleg fram i preikene at mennesket er skapt og elska av Gud. Ein skriv at «Gud sitt bilete er prenta inn i oss» P4. Her kjem skapingsteologi fram med viktige aspekt ved det å vere skapt i Guds bilete.

Sjelesørgerisk sikte. Denne kunnskapen er meint å syne at kvart menneske er av stor verde. Som P1 skriv, at ein er ønska, elska, ikkje feil! Vidare skriv presten at når Gud veit alt om oss, brukar han denne kjennskapen til det gode for oss – ikkje for å straffe. Midt i lidinga vert

mennesket løfta fram som stort og verd å elska – same korleis ein person måtte kjenna seg. I ein situasjon der fleire kan lure på kva eit menneske er verd er dette eit viktig å løfte fram.

4.3.3 Gud i lidinga.

Læremessig sikte. Det er viktig for prestane å få fram at Gud er i lidinga. Både i den som avdøde opplevde og dei som sit att sine ulike kjensler og tankar. Fire av preikene nemner Jesus død, men berre ein av dei tek dette med aktivt som grunnlag når dei seier at Gud er med i lidinga.

Sjelesørgerisk sikte. Ein annan del av lidinga er at vi som opplever den «kan slynge den mot Gud» P4, eller som P6 skriver at vi kan rope ut i vår fortviling slik Bartimeus ropa mot Jesus. P3 skriver at Jesus rekker sine armar mot oss, og P2 at vi kan lene oss til påsken sine hendingar i vårt møte med døden. På ulik vis kan vi komme til Gud med vår liding. Konkret som følge av det aktuelle dødsfallet, men og ellers i livet når vi møter dødens krefter på ulik vis.

Desse lærepunkta har òg eit klart sjelesørgerisk sikte. Å høyre at Gud ikkje er redd for vår liding, men at han tåler den og er med oss i den kan for mange vere godt å høyre.

4.3.4 Håp

Læremessig sikte. Som vi har sett er det viktig for prestane å syne at grunnlaget for håpet ligg hos Gud. 2 av prestane grunnleggjer håpet i Gud sin kjærleik, utan å ta med krosshendinga. Den eine fortel historia om Jesus og Bartimeus. Den andre nyttar ikkje skriftstader når presten held fram at vi er skapt og elska av Gud, men siterer Heb 13,5;»Eg sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg» som det siste momentet i preika.

Dei 4 andre har krosshendinga som grunnlaget, i ulik form som uttrykk for Gud sin kjærleik og frelsesvilje som gjev mennesket håp. Dei nyttar ikkje skriftstader, men går ut frå at påsken sine hendingar er kjende i større eller mindre grad. Dei meir minnar dei sørgande på kva som er grunnlaget for trua på det evige liv, heller enn å tenke at dette er noko dei ikkje kjenner til.

Sjelesørgerisk sikte. Inn i dette mørket som dødsfallet er vert eit sterkt håp forkynt. Det mørke vi opplever, som kan føre til at nokon tek sitt eige liv, er ikkje endeleg. Gud som i sin kjærleik har vore i mørkret har og gjeve oss vona om å vere med oss i vårt mørke. Det er håpet for dette livet.

Deretter gjev krosshendinga og minne om Jesu oppstode håp om evig liv i lag med Jesus for avdøde og for oss. «det er dette vi kan lene oss til i møte med døden» P2. Her er eit tydeleg sjelesørgerisk sikte med forkynninga.

Fem av prestane nyttar eit kollektivt «vi» for å sei at dette gjeld oss alle. Utan å gå inn i ein diskusjon med den som ikkje ville sjå seg sjølve som del av dette kollektive «vi» og kva som eventuelt vil skje med han/henne. Berre ein av prestane er klar i sin forkynning at trua er naudsynt for å få del i håpet om eit evig liv. Men presten held fram at Gud ynskjer at alle skal bli frelste.

5 Diskusjon

I diskusjonen speglar eg funna opp mot «den etiske fordringa» (kap 2.2) som ein overordna måte å forstå og tolke vala dei ulike prestane har gjort i sine preiker. Fordringa er i dette høvet det dei sørgande som er i denne gravferda treng. Preika er ein del av korleis presten vel å svare på fordringa, i dette høvet når han eller ho held noko av nesten sitt liv i sine armar (kap 2.2). Ein kan tenkje at preikene er blitt til som svar på situasjonen rundt dødsfallet og møte med dei pårørande og deira sorg. Det prestane har vektlagt og kva som er mindre viktig i preikene kan bli klarare når ein ser det opp mot kva fordringa inneber.

Dette kan også gjere det enklare å forstå skilnadar og likskap mellom preikene i mitt materiale og teorigrunnlaget som er presentert i oppgåva. Ein del av dette er å sjå korleis det å svare på fordringa frå dei pårørande, påverkar vala som er teke i høve til rammene som gravferdsordninga har for liturgi og innhaldet i forkynninga.

Dramaturgien i all liturgi i kyrkja består av at liturgen vender seg til Gud på vegne av seg sjølv og kyrkjelyden eller frå Gud til kyrkjelyden og seg sjølv. I mange kyrkjer vert dette biletleg under gudstenester når presten står mot alteret eller vender seg mot kyrkjelyden. I ei gravferd forrettar presten som regel vendt mot kyrkjelyden heile tida, men symbolikken er den same. Dette opplever eg samsvarer med fordringa med at liturgen hjelper dei sørgande med å komme fram for Gud med sine kjensler og deretter får bere fram frå kyrkja eit svar/ein bodskap til dei sørgande frå Gud. Denne bodskapen er del av svaret på fordringa som presten har møtt i ulike møter i forkant og korleis han eller ho opplever stemninga i kyrkja eller kapellet under gravferda.

Ramma for gravferda er det liturgiske «Vi er samla her», (*Gravferd* s 45) som gravferda byrjar med og fortset med tiltalar som «lat oss høyre» og «lat oss be». Biletet av liturgen som ber forsamlinga inn i, og gjennom gravferda vert klar og gjev meining. I ei slik tragisk situasjon er det ikkje gravferdspreika som er den einaste måten presten kan oppfylle «den etiske fordringa» på. Det skjer gjennom ulike møter både før og etter gravferda, og i liturgien med salmar og skriftlesingar. Likevel er gravferdspreika ei viktig offentleg hending som kan vere viktig for mange.

Løgstrup presenterer at «Den etiske fordringa» oppstår i eit møte mellom to personar, Og i våre liv er vi «mutually and in a most immediate sense in one another's power» (Løgstrup, 1997 s 28). Tenker ein fenomenologisk, kan ein tenkje at det som oppstår i møtet mellom dei

sørgande som er samla i gravferda og presten representerer ei etisk fordring. Preika kan forståast som ein del av presten sin respons på fordringa, ein kan tolke preikene som eit svar presten gjev medan han eller ho held noko frå forsamlinga «i sine hender».

Målet med oppgåva er å stimulere til refleksjon mellom prestar over eiga praksis. Ved å forstå gravferdspreikene som ein del av presten sin respons på dei sørgjande sine behov, forstått som ikkje berre det dei kan uttrykke og be om, men også det som ligg idet grunnleggjande menneskelege, det som ikkje er uttalt, men som blir aktuelt i situasjonen dei står i, kan ein få viktige innsikter i korleis preikene kan utformast. Eg tenkjer at Løgstrup bidreg med viktige tankar som kan hjelpe oss i slike prosessar.

Vi har sett at prestane gjekk djupt inn i dødsfalla og i møte med dei bar fram ei sterk håpsforkynning. Eg vil diskutere dette vidare i ramma av «den etiske fordringa» under to punkt:

1. Dødsfallet – inn i mørkret og lidinga. Her går eg inn i dei tre punkta eg fann i funna i kap 4. Først situasjonen – inn i mørkret og lidinga 4.2.1, og dernest menneskeverdet (4.2.2), og til slutt Gud i lidinga (4.2.3). Her vil eg sjå korleis fordringa særmerker mine funn/preiker opp mot teoridelen frå gravferdsliturgien, den doble anamnesen og funna til Leer-Salvesen.
2. Kyrkja sitt svar – håpet (4.2.4). Her vil eg sjå på korleis dei grunnjev håpsforkynninga og reflektere over innhaldet i den.

5.1 Dødsfallet

5.1.1 Situasjonen – inn i mørket og lidinga

Fordringa er det som dei sørgande treng når dei er samla i gravferda. Me såg i teoridelen at fordringa, som det som dei sørgande treng er taus – medan ein kan oppleve at døden ropar. Etter eit uventa dødsfall angår døden oss, me kan ikkje komme utanom. Presten skal møte eit fellesskap der eit barn, ein ektefelle, familiemedlem eller nær ven ikkje lenger er til stades – personar som skulle levd. Døden ropar, - og smerte, sorg og uro pregar dei som ikkje kan unngå å kjenne på ropet. Kva gjer ein då som prest?.

Funna tyder på at prestane vel å gå inn i situasjonen og vere del av det sørgande fellesskapet, stå saman med dei pårørande og råka og føra dei inn framfor Gud. Dei forhold seg til døden på ulike vis. Fire gjer det ved å nemne namnet til den avdøde, alle nemner dødsfallet eller let døden få plass i preika..

Det sterke fokuset på døden eller dødsfallet kan sjå ut til å vera noko av det radikale ved desse gravferdene. Innleiinga i ei «vanleg» gravferdspreike, det som set tonen eller gjev ramma for sjølve bodskapen, kan ha mange ulike innfallsvinklar. Nordhaug meiner ein ikkje skal vere redd for å nytte moment frå livet til avdøde for så å knyte an til noko Jesus sa eller gjorde – ein kan gjerne famne vidt i livet til avdøde for å finne inngangspunkt til preika der ein kan tolka deira liv i lys av Jesu liv, død og oppstode. (Nordhaug 1997) Likeeins er funna til Leer-Salvesen at i dei fleste preikene er der eit vidt spekter av tema i innleiinga av preikene. (Leer-Salvesen 2011).

Dette er ein hjelp til å sjå det sentrale i mine funn, kor annleis situasjonen er. Her vert døden/korleis personen døyde heller enn livet til avdøde som vert utgangspunktet for preika. Her er det det vonde dødsfallet som pregar heile preika og er grunnlaget for det som vert sagt i preikene. Når ein står framfor «vond og brå død» da vert fokus snevra sterkt inn i preikene. Grunnlaget for den doble anamnesen(Nordhaug 1997) vert berre lidinga og døden. Det blir ikkje høve til å basere anamnesen på andre element i livet til avdøde, dei vert berre trekt fram om dei er relevante i denne samanhengen.

Eit døme for å syna noko om denne radikaliteten i fordringa: Eg skulle ha ei gravferd for ein ungdom i tjuetåra som hadde døydd i ei ulukke. Eg hadde møtt pårørande og vore med under syninga og hadde heldt bæreandakt. Eg visste at avdøde hadde eit stort sosialt nettverk. Men eg vart overraska over det eg møtte då eg kom til kyrkja og gravferda. Her var over 200 ungdomar i tillegg til familien. Dei synte bilete av avdøde før gravferda og spela melom anna «Some die young» til bileta. Eg opplevde at dette var ei heilt anna setting enn den eg var budd på. Her vart noko anna kravd av meg. Ei fordring som var taus og radikal, og som berre eg kunne svare på som prest.

Vel ein som prest då å gøyme seg bak prestekjolen, lesepulten, liturgien og den skrivne preika. Vert ein hindra av liturgien til å gå inn i det radikale. Eller kan til dømes dei 2500 år gamle orda i Sal 22,2-3 som kan nyttast som inngangsbøn vere ein del av svaret på den botnlause sorga eller mørkret dei sørgande kan kjenna seg i:

«Min Gud, min Gud,
Kvifor har du folate meg?
Kvifor er du så langt borte
Når eg treng hjelp og skrik ut mi naud?

Min Gud, eg ropar om dagen,
Men du svarar ikkje,
Eg ropar om natta og finn ikkje ro.» Sal 22,2-3.

Det radikale kan være vanskeleg å peike på konkret i preikene, men i fire av preikene går prestane tett inn på situasjonen rundt dødsfallet. Det er preiker som ikkje kunne vært helde ved andre høve enn ved desse gravferdene. Samstundes er alle seks preikene veldig ulike, her er ikkje noko felles måte å legge budskapet fram på. På den måten kan ein sei at dei kan svara på fordringa, både den tause og den radikale delen av den. Dei er borne fram av dødsfallet, møte med pårørande og sørgande, og presten står fram med sin budskap.

Vi kan altså ikkje vite akkurat kva fordringa er. Vi kan likevel sei ganske mykje om kva situasjon dei sørgande er i; Nokre er i djup sorg, nokre er kanskje i opprør mot Gud, nokre er mest opptekne av korleis dei næraste har det, det kan være så mangt. Fordringa til presten er å ivareta dette. Og ein måte dei gjer det på er å tale ope og ærleg om det vonde og tragiske som har skjedd. Eit dødsfall kan verke traumatiserande på dei som er sterkast råka. Der ein i tidlegare tider snakka minst mogleg om det vonde som hadde skjedd, legg psykiatrien nå vekt på at ein skal snakke ope og ærleg om det tragiske dødsfallet. I A. Dyregrov sin bok *Katastrofepsykiatri* er der eit kapittel om langtidsoppfølging av involverte, deriblant for etterlatne, der gjennomgang av det som skjedde er eit moment, og oppfølging over tid med samtale om korleis dei opplever sorga er anbefalt. (Dyregrov 2018).

Prestane preiker konkret om tapet og smerten i det vonde ved dødsfallet og prøver ikkje å hoppe over eller å skjule smerten som dei sørgande er i. Dette kan òg vere ein viktig del av sørgeatferda som Lars Johan Danbolt undersøkte og synte at aktiv sørgeatferd var viktig for korleis ein klarte å leve med tapet av ein kjær. Funna hans var tydelegast ved dei dødsfalla som han karakteriserte som dei mest dramatiske (Danbolt, 2002).

Dette syner kor viktig den første tida etter eit dødsfall er, og at det vert tala ope om det som har skjedd. Her spelar og gravferda ei sentral rolle, og det er viktig at prestane preikar ope om det vonde som har hendt slik dei gjer i min empiri. I boka *Gråte min sang* går Lars Johan Danbolt og Hans Stifoss-Hanssen inn og studere minnegudstenester etter «vond og brå» død. Deira samtaler med personar som var til stades stadfestar at for dei som kjem på ei slik gudsteneste kjennest det riktig at det tales ope om det vonde som har skjedd.

Slik kan ein altså tenkje at den måten «situasjonen» vert lagt fram i preikene er rett og viktig, når fokuset vert snevra inn og korleis den vonde døden vert meir sentral enn livet til avdøde i desse preikene.

Er det mogleg å lytte seg inn til kva den einskilde bærer på,- kan preika vera eit svar til den einskilde sørgjande? Korleis forstå korleis dei «eigentleg» har det? Eller blir dette taust midt i all viraken som ofte følger med; kriseteam, media, skule og lokalsamfunn. Skal fokus i forkynninga vera den einskilde sørgjande, eller eit svar til heile situasjonen slik den er i samfunnskonteksten? «The situation may be such that I am challenged to oppose the very thing the other person expects and wishes me to do for him or her, because this alone will serve his or her best interest.» (Løgstrup 1997, s 21) Å stå i denne situasjonen kan vere krevjande, òg å gje dei rette svar.

Det kan sjå ut som prestane har gjort litt ulike val her. I preikene er det uråd å sjå kva som er resultat av dei ulike møta presten har hatt med dei råka. Fire av preikene er ganske personlege og går nær på avdøde og det som har skjedd. To av preikene har ikkje same personlege uttrykk, men kan likevel kommunisere inn i den relasjonen som er skapt, der presten bærer noko av dei sørgande sine liv i sine hender. Dette kan være resultat av kor personleg dei ulike prestane pleier å være i sine preiker generelt. Mitt inntrykk er at fleire prestar er meir personlege og går nærare innpå seg sjølve og kyrkjelyden nå enn det som var vanleg for 20-40 år sidan. Uansett har dødsfallet og byrjinga av gravferda med mellom anna minneord, kanskje av familie og/eller vener, gjort at her er alle personleg engasjert. Og da er det ikkje nødvendig av presten å nemne avdøde for å få merksemd om det han eller ho skal forkynne.

Kyrkja har og ei stemme. Med sitt «Vi er samla her», (*Gravferd* s 45) som gravferda byrjar med legg den vekt på den fellesskapen dei sørgande er ein del av. Med sin ordning for gravferd har den sine forventningar om kva preika skal innehalde. Kanskje er det næraste ein kan komme i preika å anerkjenne dei ulike kjenslene dei sørgande kan ha. Her er preikene nokså samstemte der dei på ulik vis går inn i nokre av dei kjenslene dei veit eller reknar med at folk bærer på.

Når døden spør: «kva er da eit menneske» i Sal 23,2, og kanskje «Kvar er du, Gud»? Da løfter preikene fram to moment som handlar om menneskeverdet og om Gud er i lidinga, angår lidinga Gud. Her finnes òg viktige moment som er med som del av grunngevinga for den meir spesifikke håpsforkynninga i preikene.

5.1.2 Stadfester mennesket sitt verde

I møte med brå og vonde dødsfall er det naturleg at ein kan lure på om ein har verde som menneske. Eit unisont svar er at mennesket er skapt av Gud og elska av Gud. Som eg viste i funna var dette stadfesta i alle seks preikene. Spesielt ved sjølv-mord vert spørsmålet om mennesket sitt verde viktig. Den som er i så stort mørke at han eller ho vel å gjere slutt på livet sitt har nok kjent at livet hadde lite verde. Da kan momenta i P1 om at ein er skapt i Gud sitt bilete, «elsket, ønsket, formet. Vi er ikke feil, stygge. Vi ligner på Gud» (P1) være viktige å løfte fram. Eller som P4 seier at Gud sitt bilete er prenta i oss. Prestane syner på ulik vis i alle seks preikene at i Gud sine auge har menneske ein uendeleg høg verde. Me er alle elska av Gud. Uansett sjukdom, motgang, eller ulykker – dette skal ikkje rokke ved trua på at Gud elsker kvart menneske. Dette held dei kyrkjelyden fast i gjennom heile preika.

Grunnlaget for gravferdsliturgien er «at mennesket er Guds skapning» (*Gravferd* 2014). I funna til Leer-Salvesen finn vi det same, at menneskeverdet vert løfta fram. Det er eit positivt syn på at det å vere menneske er å vere skapt i Guds bilete som gravferdsliturgien og prestar generelt synes å ville presentere. Ekstra sterkt poengtert vert det nok i gravferder etter vond og brå død.

5.1.3 Gud er i lidinga

Som eg synte i funna er det fleire av preikene som seier noko om det mørkret og einsemda mennesket kan oppleve i si lidning. Særleg dei som er haldne etter sjølv-mord. Da kan tanken om straff for noko gale ein har gjort vere nær hos dei næraste. Ein mann sa ein gang til meg: »kva gale har eg gjort», eit barnebarn hadde døydd tidleg. Jødane hadde same tankegangen, sjukdom var resultat av synd. I Joh 9 er det ei lang forteljing som startar med at læresveinane spurde Jesus om kven som hadde synda, då dei møtte ein mann som var fødd blind, var det foreldra eller han sjølv. Jesus går ikkje inn og fordeler skuld, men syner at sjukdomen er eit høve for han å syna miskunn.

I lidinga/mørkret så kan det synast at eit svar på fordringa er at Gud er i lidinga. Ikkje for å dømme, men for å syne miskunn. Men «mørkret er ikkje mørkt for Gud» (P1), eller «Han går ved vår side. Og han er saman med oss også når dette livet slipper taket» (P3).

«Som mennesker slipper vi heller ikkje unna lidelser og død, men vi har en som har lovet å være med oss og en som har vært der før oss. Han hjelper oss til å møte de utfordringer som livet gir. Han gråter med oss når vi har det vondt og gleder seg med oss når livet smiler oss i møte». (P5)

Vi er ikkje aleine i vår lidning sjølv om mange nok kan oppleve det slik. Dette held dei fram i alle preikene på ulik måte.

«En som har vært der før oss» (P5), er den einaste staden der Jesu lidning vert nemnt i lag med vår lidning. «Jesu solidariske død», som Leer-Salvesen har som eit eige moment ved Jesu død har ikkje ein viktig plass i mine preiker. For den tyske «håpsteologen» Jürgen Moltmann var nettopp Jesu lidning, at han kjende seg forlatt av Gud, og ropa ut: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» Mark 15,33 noko av det som for han gav håp til oss menneske i vår lidning. Jesus hadde vært der før, delt vår lidning. (Moltmann 2015). Kunne noko av denne vinklinga av Jesu død ha vært ein del av svaret på fordringa? Som teologisk tanke er den viktig, uansett. Og gjev fylde til utsegna «den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus» som vert nytta i gravferdsliturgien og ved henvisningane til Jesu død og oppstode i preikene.

5.2 Kyrkja sitt svar – håpet

«Det lyder best under trange kår» er tittelen til Anna Dalaker (2010) sin artikkel om betydningen av håp for menneske i livet sin slutfase. Det kunne like gjerne vært min, for det er trange kår for håpet ved vonde og brå dødsfall. I ein krisesituasjon som slike dødsfall er, der traumatisert sorg kan bli resultatet, er håp viktig. Eit håp som kan gje mot for dei sørgande til å gå vidare i livet. Og det handlar kanskje om at håp for avdøde gjev håp for dei sørgande?

I grunnlaget for liturgien står det at «Gud gjennom Jesu Kristi død og oppstode og trua på han har lagt grunnlaget for mennesket si frelse» (*Gravferd* 2014 s 41). Kyrkja har ein bodskap om at ved Jesu død og oppstode har han gjort ende på døden som å vere avskilt frå Gud. Og dette ber prestane fram med fridom på ulik vis i sine preiker, som svar på fordringa. Dei har båret forsamlinga inn i døden, synt verde og at Gud er i lidninga med dei, og løfter nå fram ein veg vidare. Sorg og smerte vil framleis vere der, men døden har ikkje siste ord. Håp skal dei sørgande ta med seg frå gravferda.

«Det er det kristne håpet» skriv presten i P3, og gir ei kort utgreiing om kva innhaldet i håpet om æva er for presten. Men har dette håpet noko å sei for kvardagen dei sørgande skal gå vidare i? Er Gudstrua bare ei «sikring» om eit evig liv, og har elles lite med kvardagen vår å gjera? Kva sit igjen hos dei sørgande som har vore i gravferdene? Igjen er det viktig å huske at det er berre dei skriftlege preikene som eg har til min disposisjon og ikkje alt som elles er blitt sagt og gjort som kan være viktig for kva dei sit igjen med.

Min definisjon av «det kristne håpet» er at «det kristne håpet er eit eskatologisk håp om eit evig liv i fellesskap med Gud, (generelt håp), og at dette livet med Gud òg gjev mening og håp til livet her, (spesielt håp)» kap 5.2. I preikene er det tydeleg at prestane ynskjer å formidle ein bodskap om håp. Samstundes er innhaldet i dette håpet ikkje alltid like klart formulert. Ved brå og vonde dødsfall som årsaka til gravferda der dødsfallet får fokus for preikene, blir håp forkynt inn i ein slik situasjon. «Håp i møte med døden», vert det då eit håp om evig liv, eller at Gud er nær den som dør, eller dei som kjenner seg råka av dødsfallet? Er der eit både og, eller overlet presten til tilhøyraren korleis han eller ho vil tolke denne bodskapen?

Eg vil drøfte håpsforkynninga vidare under rubrikkane «generelt» og «spesielle» håp.

5.2.1 Generelt håp.

Alt som skjer i ei gravferd skjer frå kyrkja si side i trua på at menneske skal stå opp frå dei døde. Eit generelt håp om oppstode frå dei døde og evig liv ligg nær at vert ein del av forkynninga. Og om det ikkje vert sagt eksplisitt så vil det fort vere forstått slik av dei som er til stades.

Fem av preikene har eit klart bodskap om evig liv. I tankekartet i P1 er ikkje evig liv nevnt. Kva presten sa i tilknytning til tankepunktet om at «Gud svikter deg ikkje og forlater deg ikkje» (P1)veit eg ikkje. Men når det kjem som siste punkt i preika så kan det fort vere snakk om evig liv.

P2 og P3 er dei som gjev eit innhald til håpet om eit evig liv, om enn ulikt. P2 har eit bilete om ei oppstode som eit fullkome menneske. Grunngevinga er kristologisk, men her er eit sterkt skapingsteologisk sikte, når mennesket blir fullkommen/rekapitulert slik det var tenkt frå opphavet. P3 er klar i sin tale om innhaldet om eit liv i fellesskap med Gud og våre kjære. Men kva dette livet vidare vil vere seier presten lite om til likes med dei andre preikene. Dette er nokså samanfallande med funna til Leer-Salvesen (2011). Han viser til at i fleire av gravferdene «hans» så las dei teksten frå Op 20, 1-7 som er eit tekstalternativ i Gravferdsboka, om at Gud skal skape ein ny himmel og ny jord. Heller ikkje i dei preikene vart det nye livet utbrodert korleis det kunne bli.

Terje Torkelsen skriv om gjensyn og gjenkjenning som del av livet etter oppstoda. Ei enkje spurde «Skal vi møtes igjen en gang? Og vil han da være den same som han engang var?» (Torkelsen 2015). Torkelsen trekk ein analogi til Jesu oppstode. Jesus forsøker på ulik vis å

overtrede læresveinane etter oppstoda at det er verkeleg Jesus som er oppstanden, jfr Luk 24,3ff. Torkelsen skriv og at «denne gjenkjennelse i neste omgang blir til vedkjenning, målbåret av disippelen Tomas: «Min Herre og min Gud», Joh. 20,28» (Torkelsen 2015).

Gjenkjenninga har ei fysisk gjenkjenning, men dreier seg òg om mennesket sin identitet. Torkelsen siterer J. Moltmann:

«Of cause the raising of the dead presupposes death, but it does not premise the annihilation of the dead's identity. On the contrary. God must be able to identify the dead in order to raise them. God must, that is to say, have them «in mind»... Eternal life does not mean a life other than this life, it means that this life becomes other.»
«Moltmann i Torkelsen 2015).

Torkelsen oppsummerar at slik Jesus var seg sjølv etter oppstoda, slik vil og vi vere oss sjølve i vår oppstode.

Guds kjærleik til oss menneske og krosshendinga er grunngevinga for det generelle håpet som vert løfta fram. Det er ei sterk kristologisk grunngeving for dette håpet, jfr Torkelsen i kap 2.5.3. Det er tydeleg at prestane reknar med at tilhøyrarane har ein generell kunnskap om Jesu død og oppstode slik at dei ikkje treng å gå nærare inn på den for at det kan gje meining for dei.

Uansett korleis ein tenkjer seg livet etter oppstoda vil bli, er spørsmålet om kven som får del i dette evige livet viktig. Fem av seks prester forkynner i min empiri eit inkluderande håp uavhengig av tru, kan det synast. Éin er tydeleg på at himmelen er for dei som trur. Eg ville tru at det teologiske grunnsynet i mitt bispedømme ville vært nokså likt det i Agder der dei fleste i funna til Leer-Salvesen (2011) har ei meir eksklusiv håpsforkynning. Eg tenkjer at det kan skyldast ei teologisk utvikling over dei ti åra som skil oppgåvene der spørsmålet om fortaping kan synast å ha verta svekka mellom prestar. Samstundes med at fordringa etter dei tragiske dødsfalla gjer at ein ikkje går inn i det som kan kjennast som eit umogleg tema i denne situasjonen.

Dette vil eg gå nærare inn på seinare der eg tek opp tema som prestane i min empiri ikkje går inn på i preikene, men som gravferdsordninga meiner skal med.

5.2.3 Spesielt håp

Har dette håpet noko å gje i møte med sorga og smerta dei sørgande sit att med? Her vert det meir uklårt kva dei løfter fram. Både om det gjeld avdøde eller dei som sit att, eller om det gjeld eiga død eller avdøde sin veg inn i døden?

Døden er ikkje ein plass utan Gud. Dette kan vere ei tolking av dei ulike preikene som eit spesielt håp for avdøde sitt møte med døden og dei etterlatne sitt møte med døden – det siste gjennom dei avdøde eller i møte med eiga død/dødens krefter. Det kan vere uråd å tolke sikkert kven prestane har i sikte med det dei skriv, og det er ikkje sikkert det var viktig for dei som var til stades heller.

Anna Dalaker syner i si forskning at eit håp om eit liv etter døden kan vere stor og gje meining i livet inn mot døden. For dei som hadde eit avklara generelt håp om evig liv, gav dette eit spesielt håp som gjorde vegen mot eiga død lettare å gå. (Dalaker 2010).

I dei tre preikene etter sjølv mord vert det teikna eit bilete av Gud som er i mørket og lidinga. P6 held fram at vi som Bartimeus kan rope på Gud/forstyrre Gud i vårt mørke. P4 siterer frå Rom 8 om at ingen ting kan skilja oss frå Gud, og P1 har eit moment om at mørket ikkje er mørkt for Gud og at Jesus var hos NN da NN døydde. Om dette kan vere tenkt meir til trøyst, så er det likevel eit spesielt håp som del av håpsforkynninga.

Leer-Salvesen finn at ved dei gravferdene som han definerer som etter «vond og brå død» så vert i 5 av 6 preiker Jesu liding og død trekt fram som ei solidaritetsgjerning som gjev både eit generelt håp om evig liv, og eit spesielt, dennesidig håp om at Jesus er med oss i vår liding. Her er ein skilnad frå mine funn som eg har nemnt tidlegare med at berre ein av prestane i min empiri held vår liding saman med Jesu liding på krossen.

Eit moment her er kva kan gudstrua ha å gje inn i livet med sorga. Har me som kyrkja, har Gud noko å gje oss når me søker han? Kva kan trua, eller gudsforholdet ha å sei for dei som sit att i djup sorg? Kva slag spesielle håp kan det gje dei i tida som kjem? Her er preikene meir uklare. P6 er klar på at vi som Bartimeus alltid kan uroe Gud ved å rope til han i vår nød. P1 seier at Jesus er med alle som lid, og P4 at vi skal ha med oss velsigninga. Andre at vi kan lene oss til krosshendinga i møte med døden. Men eg opplever at dei vert lite konkrete om kva trua eller eit gudsforhold kan gje til dei som sit att i tida som kjem.

Samla sett vil eg sei håpsforkynninga er sterk og variert. Svaret på fordringa er å gje håp. Dei sørgande er båret inn i lidinga og døden, og vert så løfta vidare med håp om liv i døden og

etter døden. Samstundes meiner eg at kva dette håpet er og kva det kan gje den einskilde både som eit generelt håp om evig liv, og eit spesielt håp for dette livet midt i sorg og smerte, kunne vert utdjupa meir i dei fleste preikene.

For døden er ein stad der den livgjevande Gud er.

5.3 Oppsummering – Fordringa er uopppyllbar.

Eg har synt korleis preikene i gravferder etter «vond og brå dødsfall» kan tolkast i ramma av «den etiske fordringa» og vere til hjelp for å forstå innhaldet i preikene. Kva den einskilde sit att med etter ei slik gravferd vil variere. For nokon vil dei kanskje kjenne at dette gav meining. Her vart dei sett og høyrde og det som vart sagt og gjort gav kanskje meining og trøyst.

Det fordringa krev av ei gravferd kan etter Løgstrup sine tankar aldri fullendast. Som prest tenker eg at no er det eg som står her, det er mi oppgåve. Den skal eg gjere så godt eg kan. Den kan eg kanskje gjere betre ein annan gang. Men no er det eg og ingen annan som skal gjera den – og ingen annan kan gjere den perfekt heller.

Dette må vere med på å gje frimod når ein får ei slik gravferd i hendene. No er eg den presten som skal forretta i ei slik gravferd. Denne jobben kan berre eg gjere på min måte – eg skal ikkje vere ein dårleg kopi av andre. Samstundes syner det meg ansvaret eg får når eg møter dei pårørande at eg får noko av deira sorg og smerte som eg skal bera inn i denne gravferda. Da skal eg gjera det på den beste måten eg kan.

Som prest treng ein i ei gravferd etter «vond og brå død» å ta i bruk alt det ein har av teoretisk og praktisk kunnskap, men ikkje minst utvikle og stole på sin eiga «phronesis»-erfaringsbaserte visdom. Slik at presten kan stå fram som eit heilt menneske framfor dei sørgande og ikkje ein/ei som gøymer seg bak ei rolle, prestekjole eller manuskript.

Det er tydeleg at prestane har kjent at dei står i ein situasjon der dei skal bere dei pårørande og andre som er til stades i gravferdene fram for Gud, og bere fram frå Gud ein bodskap til dei.

«Den etiske fordringa» med sine fire moment, gjev viktige innspel til å forstå den rolle presten får i ein slik situasjon ved gravferder etter «vond og brå død» og korleis han eller ho svarer på fordringa. Her er det viktig at han/ho kjem nær dei pårørande og lokalsamfunnet slik at fordringa kan bli sett og presten kan bære dei fram på ein god måte i gravferda.

Det er uråd å kunne sei korleis prestane har klart denne oppgåva. Det ville ha kravd å ha vore til stades ved presten sine møte med dei ulike personane dei møtte, vært til stades i gravferda og høyrte minneord og preike, og så hatt ein samtale med dei pårørande og andre som kjende seg råka i etterkant av gravferda, slik som Sommar hadde i si oppgåve. Ho kunne ha gitt innspel til prestane i ein refleksjonssamtale med dei. Likevel ville det ha vore prestane sin eigen oppleving av «fordringa» som ville vært den presten skulle ha handla ut frå.

Samstundes gjev «Den etiske fordringa» viktige innspel til refleksjon over den oppgåva ein har som prest i ulike situasjonar – ikkje minst ved slike dødsfall som inngår i min empiri.

5.4 Tema som skil seg frå grunnlaget for Gravferdsliturgien.

Eg vil vidare diskutere tema som skil seg frå grunnlaget for gravferdsliturgien.

Gravferdsordninga legg opp til at «alt av skriftlesingar, bønner og salmar og det som elles vert sagt og gjort» (*Gravferd* 2014, s 41) skal vere med og gje uttrykk for den bibelske budskapet i sin fylde. Preika skal ikkje sei alt. Likevel vil eg løfte fram to tema som det kan sjå ut til manglar eller er uklare i høve grunnlaget for gravferdsliturgien.

- Spørsmålet om frelse og fortaping
- «at mennesket på dommedag skal stå til ansvar for sitt liv»

5.4.1 Frelse og fortaping

Det mest iaugefallande er spørsmålet om frelse og fortaping. I grunnlaget for gravferdsliturgien er frelsa knytt til trua på krosshendinga. Blant mine seks prestar er det berre ein som meiner at frelse er avhengig av tru. Det teologiske spørsmålet om den doble utgangen av livet kan synes vanskeleg å ta opp i ein slik situasjon ved vonde og brå dødsfall. Samtidig er ideen om «helvete» på vikande front kan det synast og mange prestar trur at alle vert frelst til slutt.

Eg siterte eit lengre avsnitt frå Sommar si oppgåve då eg presenterte hennar oppgåve. Ho samtalte med prestane i etterkant av gravferda og deira grunngjeving var at i ei gravferd ville dei fokusere på det meir allmennmenneskelege. Difor hadde dei utelatt og endra nokre av stadane i liturgien som hadde ord om dom og fortaping. Dei meinte at i ei gravferd høyrde slike vanskelege tema ikkje heime.

I Leer-Salvesen si oppgåve der preikene er samla inn før 2010, er prestane frå Oslo Bispedømme og dei frå Agder delte i synet på dobbelt utgang – frelse eller fortaping, sjølv om

ingen utbroderer kva som ligg i fortapinga. Min empiri er samla inn i eit bispedømme som ein skulle tru er nokså likt Agder i teologisk syn. Når det her er berre ein som talar om eit eksklusivt håp for kristne så kan det tyde på at der har vært ein teologisk utvikling der fortapinga ikkje står like sterkt som før.

Det kan òg tenkjast at prestane opplever at situasjonen ved «vond og brå» dødsfall gjer det vanskeleg for dei å ta opp temaet i ei så vond situasjon for dei etterlatne. Kva «mine» prestar tenkjer om deira grunngjeving for korleis dei preikar veit eg ikkje, men eg tenkjer at dette kan gje innspel til ein vidare refleksjon.

5.4.2 «På dommedag skal stå til ansvar for sitt liv»

Bodskapen om at «mennesket etter oppstoda skal stå til ansvar for sitt liv», vert ikkje nemnd i preikene. Er dette ubehageleg å ta opp i ein situasjon der sorga er så sterk? Har dei som har teke sitt eige liv møtt kvar dag med ein dom over eige liv, slik at det ville vore vondt for dei sørgande å verta møtt med tale om at avdøde og dei sjølve skal stå til ansvar for deira liv? Eller er dette eit moment som prestar sjeldan tek opp i gravferdspreiker generelt?

Nå skal ikkje alt tas opp i preikene, men i salmar, bønner og tekstlesingar òg i preika skal ein finne heile fylden. Men dette er eit tema som i min empiri ikkje vert tatt opp i preikene. Grunngjevinga kan fort henge saman med den for kvifor den doble utgangen ikkje vert teken opp.

6 Døden – ein stad der Gud er. Samanfattande refleksjonar og konklusjon

Som eg skreiv i innleiinga er målet med oppgåva at den kan bidra til auka refleksjon mellom prestar på korleis dei møter «vond og brå død». Desse dødsfalla som ikkje skulle skje kjem, ofte med ujamne mellomrom. Men dei kjem og dreg oss inn i eit ublidt møte med døden der vår tru og teologi vert satt på prøve. Der møte mellom prest og pårørande og ofte mange som kjenner seg sterkt råka vert viktige. Der det som vert forkynt vert lytta til!

Eg vil ta desse refleksjonane under overskrifta «Døden-ein stad der Gud er». Eit ope utsegn, som vil oppfattast ulikt, men som kan gje inspirasjon til vidare tankearbeid. Skal vi sette spørsmålsteikn eller utropsteikn etter setninga? Er det noko vi lurar på, kan Gud vere i døden – eller er det evangelium, Gud er òg i døden!? I P2 sin utsegn «Vi får lene oss til i møte med døden» har eg synt at døden kan tolkast på fleire måtar, og slik er det i fleire av preikene – dei er opne for tolkingar om det gjeld avdøde eller ein sjølv når dei talar om døden.

Eg vil vidare reflektere over «døden» under desse overskriftene:

- Døden – Når eit menneske dør
- Døden – Jesu død
- Døden – Lidinga, møte med dødens krefter fram mot døden
- Døden – Sorga, i tida etter tapet av ein kjær

6.1 Døden – Når eit menneske dør

Kvar er Gud da, når eit menneske dør, og om Gud er der – kva så? «Jesus var hos NN lørdag, (dødsdagen)» P1 eller P3 «Jesus vil lede oss gjennom døden». P6 held fram i same spor når presten avslutter preika med «at Gud holder oss i sin hånd nå og for alltid».

Men kan vi som prestar forkynne dette når livet for avdøde har vært så mørkt at han eller ho valgte å ta sitt eige liv. Når dei ikkje opplevde ein kjærleg Gud som var der for dei. Eller etter ei ulykke når livet fort vart revet bort. Kan ein forkynne at døden er ein stad der Gud er, utan å ta med mørket som avdøde kan ha opplevd, eit mørke utan Gud? Deler dei lagnad med Jesus og hans oppleving av døden då han hang på krossen?

6.2 Døden – Jesu død

Var krossen, når Jesus døyr, ein stad der Gud var? Den tyske teologen Jürgen Moltmann går i boka *The crucified God* inn i dette spørsmålet. Moltmann hadde vært tysk jagarpilot under Annen Verdskrig og satt i engelsk krigsfangenskap i Skotland ved krigens slutt. Han skjønnte

kva han sjølve hadde vært med på og lidinga som var påført mellom anna jødane. Då han las Markusevangeliet for fyrste gong, møtte han i lidingshistoria til Jesus og hans rop «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg» Mark 15,34, ein som han kunne kjenne seg att i.

Moltmann skriv «Nor was he (God) absent in the godforsakenness of Jesus.» og «In the death of the Son, death comes upon God himself, and the Father suffers the death of his Son in love for forsaken men. » (Moltmann 2015, s 277). Han nyttar denne dialektikken at Gud var nær da Jesus kjente seg forlaten av Gud for å poengtere gudsnærværet i krosshendinga.

Eg tenkjer at svaret på om Gud kan være i vår død, avheng av korleis ein tenkjer om Gud var der i Jesu død. Korleis tenkjer ein om Gud som treeinig, kva slag fellesskap er Gud. For meg gjev Moltmann sine tankar meining, utan at eg kan sei at eg er sikker på at eg har forstått alt han skriv om dette. Jesu død var ein stad der Gud var, sjølv om Jesus kjende seg forlaten av Gud. Slik trur eg at vi kan halde fram om vår eiga død. Døden er ein stad der Gud er.

6.3 Døden - Lidinga, møte med dødens krefter fram mot døden

Er det ein stad der Gud er? Om dei som tok sitt liv hadde kjent/trudd at Gud var der i deira mørke – ville dei da tatt sitt eige liv? Eller er ikkje mykje av årsaka til at folk tar sitt eige liv at dei kjenner seg i eit mørke som ingen kan hjelpe dei ut av? Korleis kan me som kyrkje sei at, «jo der er Gud» utan at det kjennest som lettvent. Dette gjeld ved sjølv mord og sjukdom, og er mindre aktuelt ved brå ulykker.

Ei av inngangsbønene i Gravferdsboka er henta frå Sal 22 der salmisten roper ut sin nød når han kjenner seg forlaten av Gud: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» (Sal 22,2). P4 les og frå ein av klagesalmane og presten går vidare og seier at «bøn er også anklage, sinne og håplausheit som blir slengt mot Gud. Han tåler det, sjølvom ansiktet han tykkjast å vera vekke.» Det kan vere viktig å sei at menneske til alle tider har kjent seg i mørke, forlaten av alle – og av Gud.

Presten i P6 nyttar Jesu møte med Bartimeus for å få fram poenget at Jesus kan vi rope til og uroe i vår nød. Eg tenkjer at slike forteljingar om korleis Jesus møter menneskje som lid, seier mykje om korleis Jesus ynskjer å møte oss i vår lidning.

Menneskje har prøvd å finne og fordele skuld for lidinga på ulik vis. Ein gamal mann klaga seg til meg: «Kva gale har eg gjort» - eit barnebarn hadde døydd tidleg og ein annan var fødd med store problem med hørselen. Jesus fekk eit liknande spørsmål frå læresveinane ein gang «Læresveinane spurde: «Rabbi, kven er det som har synda, han eller foreldra hans, sidan han

vart fødd blind?» 3 Jesus svara: «Verken han eller foreldra hans har synda. Men no kan Guds gjerningar bli openberra på han.», Joh 9,2-3. Jesus gjekk ikkje inn for å fordele skuld. For han var lidning ein stad der Guds kjærleik kunne openberrast. Dette tenkjer eg er viktig å halde fram i møte med lidinga menneske møter og lever med fram mot døden.

6.4 Døden – sorga, i tida etter gravferda

Som eg synte tidlegare er fleire av utsegnene opne for fleire tolkingar der nokre av dei òg kan gå på tida etter gravferda for dei næraste. P1 «jeg svikter deg ikke, og forlater deg ikke», Hebr 13,5 kan òg være ord til dei. P2 sine ord om å lene oss mot i møte med døden, kan og vere i sorga over tapet av ein/ei kjær. P4 vender seg direkte til dei sørgande når presten nemner velsigninga og at Gud ser dei og vil vera med dei. P6 avsluttar sin preike slik: «Derfor kan vi komme til Gud med våre liv og våre rop i visshet om at Gud holder oss i sin hånd både nå og for all framtid. Amen». Døden, som sorga etter avdøde er ein stad der Gud er, kan det sjå ut som preikene lyfter fram.

Vi veit at sorga og smerten vil vare lenge. Er det ein automatikk at den kjærlege Gud vil vere med dei sørgjande, eller vil trua, det at ein søker Gud ha noko å sei på korleis ein vil takle sorg og sagn? Når det kan synast som trua ikkje er nødvendig for at Gud frelsar i fem av preikene, kva treng me da trua til? Kva kan det å søkje til Gud i bøn og skriftlesing, gudstenester og fellesskapet i kyrkjelyden gje til menneske i sorg? Det kan synast at når Guds kjærleik vert allmenn – då vert trua overflødig. Som prest meiner eg ikkje det. Men om Guds frelsande kjærleik er allmenn, kvar gjer eg rom for tru, tilbeding, fellesskap med Gud?

Dei sørgjande vil måtte leve med dødsfallet som eit vondt sår i lang tid. Dei vil kjenna på døden på ulik vis. Men òg dette er ein stad der Gud er. Men for meg som prest er det viktig å reflektere over og vere trygg på eiga teologi og korleis eg vil legge den fram i ei slik gravferd om korleis Gud er med dei sørgjande vidare.

Fordi: **Døden er ein stad der Gud er!**

7 Litteratur

- Aggedal, J. O. (2018). Röda skor på kistan: Samspelet mellan mikroriter, trostolkning och livstydning. *Svensk Teologisk Kvartalskrift*, 94(1-2).
- Bergander, K. & Johnsen, B. (2006), Vitenskap og metode. I E. Larsen (Red.) *Fengslet som endringsarena: bok for fengselsbetjenter* (s. 17-36)
- Dalaker, A. (2010). Det lyder best under trange kår-Det er et ekko av Guds drømmer i det høye: Betydningen av håp for mennesker i livets slutfase. *Tidsskrift for Praktisk Teologi*, 27(2), 11-22.
- Danbolt, L. J., & Stifoss-Hanssen, H. (2007). *Gråte min sang: minnegudstjenester etter store ulykker og katastrofer*. Høyskoleforlaget.
- Danbolt, L. J. (2002). *Den underlige uka*. Verbum
- Dyregrov, A og K. (2019). *Positive growth following trauma – clinical perspectives*.
- Dyregrov, A. (2018). *Katastrofepsykologi* (3. utg.). Fagbokforl.
- Eriksen, T. E. (2010) Noen må stå støtt. (Upublisert)
- Fremstedal, R. (2008). Håp belyst ut fra Kant og Kierkegaard. *Omsorg–Nordisk tidsskrift for palliativ medisin*, 3, 29-32.
- Gravferd* (2014). Verbum
- Leer-Salvesen, B. (2011). Levende håp : En praktisk-teologisk analyse av 51 presters forkynnelse ved gravferd. In *Doktoravhandlinger ved Universitetet i Agder*. Universitetet i Agder ; University of Agder.
- Lysne, W. L. (2016). Håpet sitt mysterium-ein systematisk-teologisk analyse av gravferdstalar (Masteroppgave MF-Teologisk høgskole)
- Løgstrup, K. E. (1997). The ethical demand (Dan. Original 1956, Copenhagen, Gyldendal). (English translation by Jensen TI.).
- Malterud, K. (2017) *Kvalitative forskningsmetoder for medisin og helsefag*. Universitetsforlaget
- Martinsen, K. (2010). *Fra Marx til Løgstrup*. Munksgaard Danmark.
- Moltmann, J. (2015). *The crucified God*. SCM Press.
- Nordhaug. (1997). Gravferdstalen. I Okkenhaug & Skjevesland *Våre tider i Guds hånd : kirkens tjeneste ved dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd* (p. 214–220).
- Sommer, I. B. Olavstipend 2019. I avdødes ånd. Gravferden – de pårørende og presten. *Nordic Journal of Practical Theology*, 1/2001, s 20-34.

Torkelsen, T. (2015). Gjensyn som håpsdimensjon: En praktisk-teologisk studie. *Tidsskrift for praktisk teologi*, 32(1), 56-66.